



KONKURRANSETILSYNETS

ÅRSRAPPORT 2025

Innhald

1	Melding frå leiar	2
2	Introduksjon til verksemda og nøkkeltal	6
2.1	Samfunnsoppdrag og mål	6
2.2	Organisering og leiing	7
2.3	Nøkkeltal frå årsrekneskapen.....	9
2.4	Føretaksspesifikke nøkkeltal.....	10
3	Aktivitetar og resultat.....	11
3.1	Bruk av resultatkjede	12
3.2	Samla vurdering av oppnådde resultat.....	15
3.3	Kartellavdekking og ulovleg samarbeid	21
3.4	Misbruk av dominans.....	23
3.5	Marknadsetterforsking.....	25
3.6	Fusjonskontroll	26
3.7	Daglegvaremarknaden.....	29
3.8	Konkurransen i ein digital økonomi.....	32
3.8.1	Data og analyse.....	32
3.8.2	Handheving av konkurranselover.....	33
3.8.3	Arbeid knytt til konkurransepolitikk.....	33
3.9	Miljø og berekraft	33
3.10	Pådrivar for konkurranse	34
3.11	Internasjonalt arbeid	37
3.12	Konkurransesfagleg forskning og utgreiing.....	38
4	Styring og kontroll i verksemda	40
4.1	Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.....	40
4.2	Bemanning og organisasjon	41
4.3	Inkludering, mangfald og likestilling.....	42
4.4	Bruk av konsulenttenester	46
4.5	Tryggleik og beredskap	47
4.6	Miljø, berekraft og grøn omstilling.....	47
5	Vurdering av framtidsutsikter	49
6	Årsrekneskap	51
6.1	Kommentar frå leiinga	51
6.2	Prinsippnote	52
	Løyvingsrapporteringa	52
	Artskontorapporteringa.....	53
	Vedlegg 1 – rapportering frå forskingsprosjekt.....	69
	Nye prosjekt i 2025	69
	Pågåande prosjekt i 2025	69
	Avslutta prosjekt i 2025	69

1 Melding frå leiar



Mads Magnussen, konkurransedirektør

2025 har vore eit bra år for norsk konkurransepolitikk. I eit overordna perspektiv er eg nøgd med aktivitetane, resultata og dei måla Konkurransetilsynet nådde i året som gjekk. Konkurransetilsynets handheving av konkurranselova gir eit stort bidrag til ei styrkt økonomisk utvikling, til det beste for forbrukarane. I tillegg bidreg konkurranse til at norske bedrifter blir meir konkurransedyktige, også i internasjonale marknader. Gevinstane kjem i form av meir innovasjon, høgare produktivitet og lågare prisar.

Norske, danske og europeiske konkurransemyndigheiter har anslått at handhevinga av konkurransereglane fører til direkte milliardgevinstar for forbrukarane. I tillegg kjem dei indirekte effektane, og positiv verknad på produktivitet, verdiskaping og sysselsetting. Desse verknadene er også betydelege. Konkurransepolitikk og aktiv handheving er med andre ord ei god investering for samfunnet.

Det er ei kjensgjerning at konkurransen i ei rekkje marknader ikkje er så god som den burde vere. Dette trenger ikkje skuldast åtferd frå ein eller fleire marknadsaktørar, men kan like fullt vere eit problem. Stortinget har derfor styrkt verkemidla i konkurranselova gjennom innføring av såkalla marknadsetterforsking. Konkurransetilsynet har i året som gjekk arbeidet målretta for å vere godt førebudd og posisjonert for å ta i bruk det nye verktøyet.

Konkurransetilsynet har som mål å handheve konkurranselova effektivt, og treffe vedtak som både har stor positiv innverknad på konkurransen og som står seg ved rettsleg prøving. Konkurransesklagemnda behandla to klagar på handhevingsvedtak frå tilsynet og det kom avgjerd om å oppretthalde begge desse vedtaka i 2025.

Ei viktig avgjerd kom i august 2025, då Konkurransesklagemnda gav Konkurransetilsynet fullt medhald i den såkalla *prisjegersaka*. Tre daglegvarekjeder var i 2024 pålagt gebyr for brot på forbodet mot konkurranseavgrensande avtalar (§ 10). Dei hadde inngått avtale om å tillate innhenting av prisar hos kvarandre, noko som etter tilsynets vurdering avgrensa

konkurransen. Alle kjedene anka i nemndas avgjerd til Gulating lagmannsrett i november 2025, som framleis behandlar saka.

Konkurranselagenemnda stadfesta òg Konkurransetilsynet sitt vedtak om å forby Norva24 Vest sitt oppkjøp av Vitek Miljø. Etter tilsynets vurdering kunne oppkjøpet føre til høgare prisar og/eller lågare kvalitet for kundane. Nemnda slo fast at oppkjøpet ville fjerne konkurransepresset mellom to nære konkurrentar og at det dermed i betydeleg grad ville hindre effektiv konkurranse.

Ein sentral del av Konkurransetilsynet sitt arbeid med handheving er etterforsking av saker der det er mistanke om lovbrøt. Konkurransetilsynet har i 2025 arbeidd vidare med saka om mogleg brot på forbodet mot misbruk av dominerande stilling (§ 11) i marknaden for kommunal tenestepensjon. Etterforsking i trafikkskulemarknaden går framleis føre seg etter at relevant materiale vart beslaglagt i november i 2024. Tilsynet har i løpet av 2025 og vurdert ei rekkje tips om moglege brot på konkurranselova, som har resultert i gjennomført bevissikring i to nye marknader, i ein lokal veterinærmarknad og i ein digital plattformmarknad. Etterforskinga i begge sakene går framleis føre seg.

Ein annan viktig del av tilsynsverksemda er kontrollen med fusjonar og oppkjøp. Gjennom handheving av konkurranselova § 16 kan Konkurransetilsynet stanse fusjonar og oppkjøp som skader konkurransen. Konkurransetilsynet har hatt eit høgt aktivitetsnivå på dette området i 2025. Tre føretakssamanslutningar som blei meldt i 2025 enda med vedtak der tilsynet godkjente samanslåingane etter at partane hadde gjort endringar i planane sine som førte til at konkurransen likevel ikkje blei betydeleg svekkja. Dette var Schlumberger sitt oppkjøp av ChampionX, Retriever si samanslåing med Infomedia og Karo Healthcare sitt oppkjøp av Aco. Telenor sitt oppkjøp av Global Connect, som blei meldt i 2025, er framleis under behandling.

Ein effektiv kontroll med fusjonar og oppkjøp føreset også at tilsynet har eit godt informasjonsgrunnlag. Den alminnelege meldeplikta, høvet til å påleggje melding og den særskilte opplysningsplikta for visse marknader er eit viktig reiskap i så måte. Konkurransetilsynet er underlagd korte tidsfristar i vurderinga av føretakssamanslutningar. Derfor er det avgjerande at vi kan leggje til grunn at opplysningane som blir gjeve til oss er riktige og fullstendige. I 2025 starta tilsynet ei sak for å vurdere om det er gjeve inn uriktige opplysningar i meldinga om SLB (tidlegare Schlumberger) sitt oppkjøp av ChampionX. I denne saka er det per mars 2026 varsla eit gebyr på 30 millionar kroner. Varselet er basert på tilsynet si førebelse vurdering og endeleg avgjerd blir tatt etter SLB har gjeve inn sine merknader til varselet.

Tilsynet har tre særlege satsingsområde; daglegvare, digitalisering og berekraft. I 2025 har tilsynet arbeidd målretta med alle tre satsingsområda.

I daglegvaremarknaden har Konkurransetilsynet gjeve støtte til regjeringa sitt arbeid med å styrkje konkurransen. Konkurransetilsynet har dei siste åra òg handheva

konkurranselova aktivt i denne viktige marknaden. Vi har fatta vedtak, innført strengare kontroll med fusjonar og oppkjøp, samt innhenta mengder med informasjon og gjennomført fleire utgreingar av konkurranseforholda og aktørane si åtferd. Arbeidet gir eit viktig underlag for å fjerne hinder for konkurransen.

Digitalisering bidreg til omfattande teknologisk utvikling og innovasjon. Tradisjonelle marknadsstrukturar blir utfordra, noko som kan bidra til meir konkurranse. Samtidig kan digitalisering resultere i marknadsdominans og auke faren for ulovleg samarbeid. Konkurransetilsynet har i 2025 arbeid for å avdekkje og hindre eventuelle konkurranseproblem som kan oppstå som følgje av digitaliseringa. Mellom anna gjennomførte tilsynet ei bevissikring i ein digital plattformmarknad før årsskiftet. I relevante saker vurderer tilsynet skadehypotesar knytt til digitale forretningsmodellar. Vi har òg hatt god dialog med andre reguleringsmyndigheitar i konkrete saker. For å styrkje handhevinga har vi i fjoråret òg arbeidd med å integrere nye datakjelder i maskinlæringsplattforma og starta utforskinga av nasjonale fellesløysingar.

Velfungerande konkurranse er viktig for ei grøn omstilling. Samtidig er det viktig at berekraftstiltak og samarbeid ikkje blir misbrukt til ulovleg koordinering. Gjennom rettleiing og dialog med næringslivet har tilsynet mellom anna fortsett arbeidet for å klargjere grensene for når samarbeid som er bra for det grønne skiftet kan realiserast utan at konkurranselova står i veggen.

For å sikre velfungerande marknader over tid, er det avgjerande at vi òg driv treffsikkert pådrivararbeid. I året som har gått har vi hatt eit aktivt informasjonsarbeid gjennom mellom anna nettsida og nyheitsbrev, så vel som formidling gjennom kronikkar, podkastar, føredrag og webinar. Denne aktiviteten bidreg til å styrkje forståinga for kvifor konkurranse er viktig for forbrukarane og næringslivet og gjev auka kunnskap om konkurransereglane. Slik påverkar tilsynet aktørar til å opptre i tråd med konkurranselova, samt legg til rette for at fleire gjer beskjed til tilsynet når dei opplever åtferd som er i strid med konkurranselova.

Velfungerande internasjonalt samarbeid er viktig. Konkurransetilsynet har også i 2025 arbeidd for å hente erfaringar som kan styrkje handhevingsarbeidet vårt her heime. I tillegg til å rapportere om relevant regelverksutvikling, har tilsynet gjennom året også vore ein aktiv og konstruktiv bidragsytar i alle viktige internasjonale nettverk, ikkje minst gjennom samarbeidet mellom europeiske konkurransestyresmakter i European Competition Network (ECN) og som representant for Noreg i OECDs konkurransekomité. Det nordiske samarbeidet på konkurranseområdet er òg særleg viktig. Tilsynet var i september 2025 vertskap for dei nordiske konkurransestyresmaktene på det årlege nordiske møtet i Bergen.

Eg vart utnemnd som konkurransedirektør i slutten av august 2025 og tiltredde stillinga ved årsskiftet. Eg har verkeleg gleda meg til å ta fatt på oppgåva, og ynskjer at leiarbyttet

skal markere starten på ein ny fase i utviklinga av tilsynet. I stillinga mi vil eg leggje vekt på å skape eit godt arbeidsmiljø prega av ein god yringskultur, tilrettelegging for effektivt samarbeid og med gode moglegheiter for kompetanseutvikling. For å kunne prioritere dei rette sakene og arbeide med desse effektivt, er det viktig å ha ein arbeidsplass der medarbeidarane trivst, ønskjer å jobbe og har eit langsiktig perspektiv.

Bergen, 16. mars 2026

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Mads Magnussen', written in a cursive style.

Mads Magnussen, *konkurransedirektør*

2 Introduksjon til verksemda og nøkkeltal

2.1 Samfunnsoppdrag og mål

Konkurransen er eit verkemiddel som bidreg til effektiv ressursbruk og velfungerande marknader. Forbrukarane og næringslivet får eit betre tilbod av varer og tenester, med betre kvalitet og lågare prisar. Konkurransen bidreg til at norske føretak blir meir konkurransedyktige både nasjonalt og internasjonalt. Aktiv konkurransepolitikk bidreg til omfordeling og er avgjerande for at den norske modellen for lønnsdanning skal verke etter hensikta. Samtidig endrar marknadene seg og den digitale økonomien skapar både utfordringar og moglegheiter. For Konkurransetilsynet blir det viktig å ha rett kompetanse og gode verktøy for å møte desse endringane på ein målretta måte.

Konkurransetilsynets strategiplan 2022-2027

Handheve konkurranselovgjevinga

Konkurransetilsynet handhever konkurranselova og EØS-avtalen. Konkurranselova forbyr samarbeid mellom føretak som avgrensar konkurransen og åtferd som inneberer misbruk av dominerande stilling. Føretak må òg melde frå til tilsynet om fusjonar, oppkjøp og andre føretakssamanslutningar, og vi kan gripe inn om desse truar effektiv konkurranse.

Vere ein pådrivar for konkurranse

Gjennom aktiv kommunikasjon og engasjement i offentlegheita fremjar vi forståinga av korleis velfungerande marknader bidreg til økonomisk vekst og velferd. Vi identifiserer og adresserer barrierar for konkurranse i offentlege ordningar og reguleringar, og kjem

med forslag som styrkar konkurransen. Vi har tre strategiske hovudmål for perioden 2022-2027, med tilhøyrande delmål og særlege satsingsområde i eit treårsperspektiv.

KONKURRANSETILSYNET SIN STRATEGIPLAN 2022-2027	
 VISJON	Profesjonelt tilsyn førebudd for 2030
 KJERNEVERDIAR	Fagleg · Effektiv · Synleg
 STRATEGISKE MÅL 2022-2027	Målretta i handhevinga
	Klar og tydeleg pådrivar
	Føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar
 STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDER 2022-2025	Handheving i den digitale økonomien
	Berekraft gjennom konkurranse
	Styrke konkurransen i daglegvaremarknaden
	Vere ein attraktiv og fleksibel arbeidsplass

Figur 1, strategiplan

Figur 1 gir eit oversyn over strategiplanen. Årsrapporten viser korleis vi i 2025 har arbeidd mot desse måla, korleis våre aktivitetar har styrka konkurransen og bidrege til meir rettferdig konkurranse i samfunnet.


2.2 Organisering og leiing

Konkurransetilsynet

Konkurransetilsynet har tre marknadsavdelingar, som kvar har ansvar for sine marknader. Desse avdelingane etterforskar saker om moglege brot på konkurranselova, handterer meldingar om føretakssamanslutningar og har ansvar for pådrivarverksemda innanfor sine respektive marknader. Vidare har tilsynet to fagstabar med spesialistkompetanse innan konkurranserett og konkurranseøkonomi, ein kommunikasjonsstab og ei administrasjons- og organisasjonsavdeling.

Leiinga i Konkurransetilsynet består av konkurransedirektør, sjeføkonom, juridisk direktør, avdelingsdirektørane for marknadsavdelingane, kommunikasjonsdirektør, direktør for eksterne relasjonar samt administrasjons- og organisasjonsdirektør. Mads Magnussen vart utnemnd til ny konkurransedirektør i august 2025 og tok til i stillinga 1. januar 2026.

Konkurransetilsynet held til i kontorlokale i Zander Kaaes gate, sentralt i Bergen.



Daglegvaretilsynet

I desember 2025 fatta Stortinget vedtak om å leggje ned Daglegvaretilsynet og overføre ansvaret for handhevinga av lov om god handelskikk i daglegvarekjeda til Konkurransetilsynet. Tilsynet skal vidareføre arbeidet med handheving av lova i samsvar med gjeldande mål og prioriteringar. I tråd med vedtaket starta Konkurransetilsynet arbeidet med planlegging av overføringa, med sikte på gjennomføring våren 2026.

Overordna departement og klageorgan

Konkurransetilsynet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Tilsynet handhevar konkurranselova, men kan ikkje instruerast av departementet i enkeltsaker. Konkurransklagenemnda er det uavhengige organet for behandling av klagar på vedtak og avgjerder frå tilsynet. Dette gjeld ikkje vedtak som er fatta etter pristiltakslova.

2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltala i tabellane og diagrammet nedanfor er utarbeidde i tråd med mål frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Konkurransetilsynet har ingen inntektsgjevande verksemd.

Konkurransetilsynet ¹	2023	2024 ²	2025
Utførte årsverk ³	87,7	87,4	86,4
Samla tildeling post 01 (NOK)	136 893 000	142 992 000	147 737 000
Driftsutgifter (NOK)	133 201 728	140 361 825	145 313 730
Utnyttingsgrad av tildeling	97,4%	98,2%	99,3% ⁴
Refusjonar lønn (NOK)	2 645 777	1 566 383	1 763 089
Lønnsdel driftsutgifter	74,9 %	76,3%	74,3%
Lønnsutgifter per årsverk (NOK)	1 136 853	1 224 718	1 249 364


Nøkkeltal etter SRS	2024	2025
Refusjonar lønn (NOK)	1 455 836	2 093 908
Lønnsdel driftskostnader	76,8%	73,9%
Lønnskostnader per årsverk (NOK)	1 240 100	1 245 793

¹ Tala er frå Årsrekneskapen kapittel 0910 post 01. Sjå kapittel 6 i årsrapporten for ytterlegare informasjon. Nøkkeltala berekna etter definisjon frå DFØ Veiledningsnotat januar 2023.

² I 2024 endra Konkurransetilsynet rekneskapsprinsipp frå kontantprinsippet til SRS. I første rekneskapsår med det nye rekneskapsprinsippet vil nøkkeltala ikkje gje eit korrekt bilete. Difor er nøkkeltala i denne tabellen utarbeida etter kontantrekneskapet.

³ Kjelde: DFØ Fagbrukerinnsett. Som tal på arbeidsforhold er det brukt tal på stillingar.

⁴ Inkl. avgitte belastningsfullmakter. Sjå note B i rekneskapen for ytterlegare informasjon.



Årsverk	2022	2023	2024	2025
Tal på utførte årsverk	83,75	87,70	87,46	86,39
Avtalte årsverk ⁵	98	99	97	96
Tal på tilsette	100	100	99	96
Tal på arbeidsforhold	100	101	99	96

2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal

Tabellane nedanfor viser nøkkeltal for Konkurransetilsynets aktivitetar. Dei omfattar talet på saker tilsynet vurderer, inngrep, avgjerder og høyringsfråsegn, samt storleiken på gebyr. I del 3 av årsrapporten koplar vi desse tala til resultat og gir meir informasjon om ressursbruk og måloppnåing.

Mottekne saker	2022	2023	2024	2025
Meldingar om fusjonar og oppkjøp (§16)	151	113	151	188
Tips om konkurranseskadeleg åtferd og lovbrøt (§§10/11)	328	367	455	403
Lempingssøknader	4	3	2	10
Mottekne høyringar ⁶	128	129	144	159

⁵ Definisjonen av utførte årsverk følger Statens personalhåndbok PM-2019-13.

⁶ Tala for 2022-2024 blei korrigererte frå tidlegare årsrapport, der mindre variasjonar skuldast ulike søkekriterium og etterregistrering av saker.

Vedtak, avgjersler og fråsegner	2022	2023	2024	2025
Forbod mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	0	1	1	0
Vedtak om avhjelpande tiltak (§ 16)	3 ⁸	0	0	2
Tal på meldingar om fusjonar og oppkjøp trekt av partane etter varsel om mogleg inngrep (§ 16)	0	0	1	0
Avgjersler om å ikkje gripe inn i fusjonar og oppkjøp (§ 16)	0	4	1	2
Vedtak om gebyr for lovbrøt grunna konkurranseskadeleg åtfærd (§§ 10/11)	1	0	1	0
Vedtak om avhjelpande tiltak (§§10/11) ⁹	0	0	0	0
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	10	1	0	0
Høyringsfråsegn	13	15	12	13

Etterforsking	2022	2023	2024	2025
Bevissikring (§ 25) - saker/stader	3/11 ⁷	0	1/4	2/13
Forklaringsopptak (§ 24) - saker/tal	1/5	4/14	1/2	2/7

Gebyr for lovbrøt i vedtak (TNOK) ¹⁰	2022	2023	2024	2025
Konkurranseskadeleg åtfærd	0	0	4 900 000	0
Fusjonskontroll: Brot på gjennomføringsforbod / opplysningsplikt / meldeplikt	0	0	0	0

⁷ Talet er annleis frå tidlegare årsrapport, fordi bevissikring i ei sak ble dobbeltrekna.

⁸ Talet er annleis frå tidlegare årsrapport, fordi ei sak ble dobbeltrekna.

⁹ Raden er ny samanlikna med tidlegare rapportar som følgje av at avhjelpande tiltak er no skilde etter sakstype.

¹⁰ Beløp som kjem fram i vedtak. Ikkje justert for lemping, klageutfall eller manglande betalingsevne. I del 3 finn ein meir informasjon om status og utfall i saker etter klagar, m.m.

3 Aktivitetar og resultat

3.1 Overordna om effektar av handhevinga

For å illustrere korleis ressursane våre gir gode resultat, brukar vi ei resultatkjede. Resultatkjeda viser korleis ressursane blir fordelte på ulike aktivitetar, med mål om å skape størst mogleg nytte for brukarar og samfunnet som heilskap.

Viktige brukargrupper er næringslivet og deira representantar, politikarar og lovgjevarar, samt forbrukarane. Vi vil hjelpe desse gruppene med å forstå korleis reglar og reguleringar påverkar konkurransen. Eit av måla våre er å fremje konkurranse som eit verkemiddel for lågare prisar og betre utval for forbrukarane, noko som gir positive effektar for samfunnet.

Det kan vere utfordrande å måle effektane av vårt arbeid. Forholdet mellom aktivitetane våre og dei positive effektane i samfunnet er ikkje alltid direkte eller synleg.

For å måle effektane av konkurransepolitikken for forbrukarane tek ein derfor som regel utgangspunkt i direkte og indirekte verknader.¹¹ I tillegg er det mogleg å estimere makroøkonomiske verknader av konkurransepolitikken.¹²

Moglege direkte effektar av å stanse ein fusjon er at dei involverte verksemdene ikkje aukar prisane sine, vert tvinga til å halde fram med å vere effektive, og held fram med å innovere for å ta marknadsdelar frå kvarandre. Direkte effektar av å hindre konkurranseskadelege avtalar kan òg vere lågare prisar, betre kvalitet, meir miljøvennlege produkt og sterkare innovasjon.

Indirekte verknader måler allmennpreventive effektar av vedtaka. Verksemdar vil observere at andre verksemdar vert ilagde gebyr eller pålagde å stanse åtferda si, og vil då på eige initiativ kunne avstå frå handlingar som kunne ha vore brot på konkurransereglane. Regelverket har difor tilsvarande allmennpreventive verknader som straff i annan lovgjeving. Det er grunn til å tru at dei indirekte verknadene er langt større enn dei direkte.¹³

Norske, danske og europeiske konkurransemyndigheiter har anslått at handhevinga av konkurransereglane fører til årlege direkte og indirekte milliardgevinstar for forbrukarane.


¹¹ Sjå for eksempel Brekke, Sørgard og Tveito (2019): "Effekter av konkurransereglane for norske forbrukere", Samfunnsøkonomen 2/19, tilgjengeleg her: [Samfunnsøkonomen: Effekter av konkurransereglane for norske forbrukere - Konkurransetilsynet](#).

¹² Sjå for eksempel DG COMP (2024): *Modelling the macroeconomic impact of competition policy: 2023 update and further development*, tilgjengeleg her: [05570b1d-271e-46f4-b061-443ed9f4ea25_en](#)

¹³ Sjå for eksempel Brekke et.al.

Dei makroøkonomiske verknadene av konkurransepolitikken kan òg vere betydelege. EUs konkurransetilsyn (DG COMP) har estimert at konkurransepolitikken fører til ei langsiktig auke i BNP på 0,6–1,1 prosent.¹⁴ For norske tilhøve utgjer dette fleire titals milliardar kroner. Hovudårsakene er at betre konkurranse fører til auka etterspurnad og større investeringsvilje. Danske konkurransemyndigheiter har gjennomført liknande analysar og har estimert at lågare marginar som følgje av auka konkurranse aukar BNP med 0,7 prosent årleg. Rapporten viser òg at konkurranse aukar sysselsetjinga og produktiviteten.¹⁵

Resultatkjedemodellen som nyttast under hjelper oss med å vise korleis vår ressursbruk, aktivitetane og dei omtala effektane heng saman.



¹⁴ DG COMP (2024), side 32.

¹⁵ Rapporten er tilgjengeleg her: [20220708-konkurrence-oeger-velstanden.pdf](https://www.konkurrence-oeger-velstanden.pdf)

INNSATSFAKTORAR

Samla tildeling for 2025 var 147,7 MNOK. Dei tilsette er den viktigaste ressursen vår, og vi arbeidde til saman 86,4 årsverk i 2025. 73,9 prosent av dei tildelte midlane gjekk til lønn.

AKTIVITETAR

Konkurransetilsynet passar på at føretak ikkje samarbeider eller misbrukar ein dominerande stilling på måtar som skadar konkurransen. Vi følgjer opp tips og klagar om moglege lovbrøt, samt søknader om lemping for moglege lovbrøt som eit føretak sjølv er ein del av. Vidare rettleier vi føretak, advokatar og andre om konkurransereguleringane. Kvart år vurderer vi over 100 fusjonar, oppkjøp eller andre føretakssamanslutningar for å sjå om dei kan gjennomførast utan å skade konkurransen. Vi er ein pådrivar for velfungerande konkurranse gjennom å gjere myndigheiter merksam på konkurranseavgrensande reguleringar og ved å synleggjere dei positive effektane av konkurranse for forbrukarar og næringsliv.

PRODUKT / TENESTER

Konkurransetilsynet grip inn når eit føretak bryt konkurranselova. Vi kan gje gebyr og melde personar for lovbrøt, og vi kan krevje at føretak stoppar eller endrar åtferd som hemmar konkurransen. Vi kan også stanse fusjonar, oppkjøp eller andre føretakssamanslutningar som skadar konkurransen. Dersom vi er bekymra for at ei føretakssamanslutning kan skade konkurransen i ein marknad, kan føretaka foreslå avhjelpande tiltak for å gjennomføre den utan å svekke konkurransen. Vi er aktiv i ulike marknader og saker for å vise at konkurransereglane gjeld for alle marknader og næringar. Vi er synleg i offentlegheita gjennom kronikkar, høyringsfråsegn, medieutsegn og foredrag. Vi arbeider og for at reguleringar ikkje hemmar konkurransen, slik at verksemdar kan konkurrere betre.

BRUKAREFFEK TAR

Når føretak konkurrerer lovleg, leggjer dei ofte ned meir innsats i å tilby det beste for forbrukarane og utnytte ressursane meir effektivt. Dette kan føre til lågare prisar, betre kvalitet og meir innovasjon. Konkurransetilsynet sine vedtak minner næringslivet om å halde seg innanfor konkurranselova, noko som har ein viktig førebyggjande effekt. Målet vårt er at føretak skal få betre forståing av kva som er lovleg og ulovleg samarbeid og kva dominerande føretak må vere merksam på for å ikkje misbruke si stilling. Føretak kan tipse tilsynet om samarbeid og åtferd dei meiner kan vere skadelege for konkurransen, og om dei sjølv er ein del av dei. Ved å melde frå gjennom lempingsordninga, kan dei unngå eller redusere gebyr. Vi bidreg òg til at politikarar og lovgjevarar får betre innsikt i korleis lover og reglar påverkar konkurransevilkåra. Denne kunnskapen tek dei med seg når dei vurderer endringar i regelverket, slik at regelverket i større grad fremjar sunn konkurranse og forbrukarinteresser.

SAMFUNNSEFFEK TAR

Dei konkurranseproblema vi tar opp, har som mål å skape positive endringar for forbrukarar og næringsliv. Når føretak opererer i marknader utan konkurransehindringar, kan innovasjon og produktivitet blomstre, og økonomisk kriminalitet blir redusert. Dette bidreg til å skape fleire arbeidsmoglegheiter og eit breiare utval av varer og tenester til betre prisar. Norske føretak kan bli meir konkurransedyktige både nasjonalt og internasjonalt. Ved offentlege innkjøp kan skattepengane bli nytta meir effektivt, slik at det offentlege kan tilby varer og tenester av god kvalitet utan å betale meir enn nødvendig. Som det er gjort greie for over er det grunn til å tro at størrelsen på effektane er betydelege.

3.2 Samla vurdering av oppnådde resultat

Konkurransetilsynet sitt samfunnsoppdrag er å bidra til effektiv ressursbruk i samfunnet ved å fremje konkurranse som verkemiddel. Nedanfor vurderer vi måloppnåinga i 2025 med utgangspunkt i styringsindikatorane fastsette i tildelingsbrevet. Vurderinga omfattar samanhengen mellom mål, resultat og ressursbruk, og peikar på forhold som har påverka måloppnåing gjennom året. Der det er relevant, gjer vi greie for kvifor mål eventuelt ikkje er nådde fullt ut, og kva tiltak som skal styrkje måloppnåing framover.

Styringsindikatorane er utforma for å måle om tilsynet har målretta og velfungerande prosessar. Gode prosessar bidreg til effektiv handheving over tid ved å sikre at ressursane blir nytta der dei gir størst samfunnsnytte.

Handheve konkurranselova med forskrifter og EØS-avtala sine konkurransereglar effektivt gjennom rettleiing og vedtak

Indikator: Meldingar om føretakssamanslutningar skal behandlast effektivt, med en høg del saker som blir avklart innan 25- og 70-dagersfristen.

Effektiv fusjonskontroll er særst viktig for velfungerande marknader fordi det inneber at ein hindrar strukturelle endringar i marknaden som varig avgrensar konkurransen.

Effektiv fusjonskontroll inneber at Konkurransetilsynet grip inn mot føretakssamanslutningar som i vesentleg grad vil hindre effektiv konkurranse, og at føretakssamanslutningar som ikkje er konkurranseavgrensande, blir avslutta så raskt som mogleg.


Trass i betydeleg auka saksvolum samanlikna med tidlegare år, vart 96,8 prosent av meldingane klarerte innan fyrste lovpålagde frist på 25 dagar. Nokre saker må tilsynet vurdere nærmare.

I 2025 gjennomførte Konkurransetilsynet meir omfattande undersøkingar i seks saker der det kunne ligge føre risiko for konkurranseskadelege verknader. Tre av føretakssamanslutningane blei godkjent med avhjelpande tiltak, det vil seie at det blei gjort endringar som gjorde at samanslutninga kunne gjennomførast utan at det ville hindre effektiv konkurranse i betydeleg grad.¹⁶ To av sakene blei godkjent etter ei grundigare behandling innan den andre lovpålagde fristen på 70 dagar. Den siste saka er framleis til behandling.

Tilsynet gjennomfører òg evalueringar i større fusjonssaker for å sikre læring og kontinuerleg forbetring i fusjonskontrollen.

¹⁶ I ei av desse sakene blei føretakssamanslutninga meldt i 2025, mens vedtaket om avhjelpande tiltak blei fatta i 2026.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet vurderer at indikatoren for effektiv behandling av føretakssamanslutningar er godt oppfylt i 2025.



Indikator: Saker i tilsynet skal vurderast opp mot prioriteringskriteria i Konkurransetilsynet sin strategiplan. Saksbehandlinga skal innrettast slik at saker med høg venta samfunnsnytte blir prioriterte.

Alle saker i Konkurransetilsynet har blitt vurdert opp mot tilsynet sine prioriteringskriteria og strategiplan. Prioriteringsrammeverket er etablert og operativt, og blir nytta ved saksutveljing og vurdering av ressursbruk.

Saksutveljing og tidleg prioritering og avgrensing av saker blir innretta slik at ressursane blir retta mot saker med høg forventa samfunnsnytte innanfor tilgjengelege ressursar. Den forventa samfunnsnytta blir vurdert gjennom ei samla avveging av venta verknader og ressursbruk. Prioriteringsarbeidet i 2025 har vore innretta i tråd med dei strategiske satsingsområda i gjeldande strategi, mellom anna digital økonomi, berekraft og daglegvaremarknaden.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet vurderer at måloppnåing for indikatoren er godt oppfylt i 2025.

Indikator: Gjennomføre evalueringar av prosessar i etterforskingssaker, med forslag til forbetningspunkt til framtidige saker.

Konkurransetilsynet gjennomfører ei intern evaluering av alle etterforskingssaker med sikte på å identifisere læringspunkt. I 2025 vart det gjennomført evaluering i etterforskingssaker som blei avslutta i løpet av året. Evalueringane gir konkrete læringspunkt som blir følgde opp i pågåande og framtidige etterforskingssaker.

Tilsynet gjennomfører òg evalueringar i større fusjonssaker for å sikre læring og kontinuerleg forbetring i fusjonskontrollen.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet vurderer at måloppnåing for indikatoren er godt oppfylt i 2025.

Indikator: Gjennomføre tiltak for å effektivisere saksbehandling og ressursbruk.

Konkurransetilsynet har iverksett fleire tiltak for å effektivisere saksbehandling og ressursbruk. Eining for data- og analyse samarbeider med resten av verksemda om utvikling og implementering av digitale verktøy som kan redusere manuelt arbeid og frigjere kapasitet til prioriterte oppgåver. For å sikre at investeringane i digital teknologi og kunstig intelligens gir mest mogleg verdi, blir løysingane utvikla med vekt på gjenbruk, brei forankring og tilpassa behova til medarbeidarane våre.

Det er sett i gang arbeid med å bruke digitale løysingar som kan bidra til meir effektiv datainnhenting og saksgjennomgang. Det vart mellom anna gjort tilgjengeleg verktøy for automatisk omsetjing av dokument, avskrift av lyd- og videoopptak, samt bruk av språkmodellar og maskinlæring for analyse av konkurranseforhold. Det har òg vore testa ut nye digitale støtteverktøy som kan bidra til meir effektiv oppgåveløysing og betre ressursutnytting.

Tilsynet vurderer og fortløpande korleis nasjonale felleskomponentar og gjenbruk av data i offentleg sektor kan nyttast i tråd med Nasjonal digitaliseringsstrategi for å effektivisere oppgåveløysinga. Tilsynet er kopla på fellesløysinga Tilda frå Brønnøysundregistrene og utforskar korleis tilgangen til samanhengande og oppdaterte tilsynsdata kan gje betre oversikt og meir effektiv saksbehandling.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet har gjennomført ei fleire tiltak for å effektivisere saksbehandling og ressursbruk. Tilsynet vurderer at måloppnåing for indikatoren er akseptabel. Det er vanskeleg å måle gevinstane då dei kjem først når teknologien er meir moden og verktøya er fullt implementerte. For fleire av løysingane tek både innføring og opplæring tid. Tilgjengelege ressursar set grensar for å utnytte digitale løysingar for å effektivisere ressursbruken ytterlegare. Kapasiteten i 2025 har òg vore pressa, noko som òg har påverka tempoet i arbeidet. I 2026 vil tilsynet halde frem med vidare testing, skalering og forbetring av tiltaka, styrkje opplæring og sikre betre gevinstrealisering.

Indikator: Kartlegge effektar av Konkurransetilsynet sitt arbeid, mellom anna gjennom brukarundersøkingar mellom relevante aktørar.

I 2025 starta Konkurransetilsynet førebunde arbeid med ei ny brukarundersøking med sikte på gjennomføring i 2026. Arbeidet omfattar mellom anna avklaring av metodisk grunnlag og målgrupper. I 2026 vil tilsynet også publisere ein rapport som visar effektar av handhevinga.

Elles har tilsynet delteke i relevante internasjonale forum, inkludert ICN og OECD, der tema som ex-post evaluering, konkurransemyndigheites effektivitet, forbrukergevinstar og metodar for effektmåling har stått sentralt. I september 2025 arrangerte tilsynet eit nordisk møte i Bergen med ein eigen sesjon om evaluering av handhevingsarbeid. Innsikta frå desse aktivitetane blir nytta til å vidareutvikle tilsynet sitt kunnskapsgrunnlag og metodar for å vurdere effektar av eige arbeid.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet vurderer at måloppnåing for indikatoren er tilfredsstillande. Konkurransetilsynet har i 2025 har arbeida med førebuingar til å gjennomføre ein effektevaluering. I 2026 vil tilsynet gjennomføre ein brei effektevaluering av handhevinga.

Ivaretaking av norske interesser når Konkurransetilsynet behandlar regelverkssaker i EØS og EØS-enkelt saker

I 2025 har Konkurransetilsynet vore ein aktiv deltakar i dei formelle og uformelle forum som EØS-avtalen gir høve til. Dette omfattar deltaking i ei rekkje arbeidsgrupper og sektorvise undergrupper i det europeiske konkurransenettverket (ECN), samt deltaking på to plenarmøte og to generaldirektørmøte. Tilsynet har løpande halde Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) oppdatert om regelverksutviklinga på konkurranseområdet i EU og bidrege med faglege innspel i fleire konkrete regelverkssaker. Tilsynet har hatt god dialog med departementet knytt til utforming av norske posisjonar i saker av regelverksrelevans.

Tilsynet har òg hatt tett dialog med EFTAs overvakingsorgan (ESA) i konkrete saker og samarbeidd med dei andre EFTA-landa, mellom anna gjennom deltaking i EFTA Competition Network. Det nordiske samarbeidet står sentralt og dei nordiske konkurransestyresmaktene møtes for å drøfte aktuelle tema og samarbeider aktivt i fleire ulike nettverksgrupper.

Tilsynet har hatt tett dialog med NFD i arbeidet som norsk representant i OECD si Konkurransesekretariat. I 2025 har tilsynet presentert utvalde problemstillingar og erfaringar frå dei årlege møta i OECD for departementet.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet vurderer at måloppnåing for indikatoren er godt oppfylt i 2025.

Relevante aktører i næringslivet skal vere kjent med konkurranselova og Konkurransetilsynet sin verksemd

Indikator: Gjennomføre informasjons- og rettleiingstiltak om konkurransereglane.

Konkurransetilsynet har i 2025 gjennomført ei rekkje informasjons- og rettleiingstiltak retta mot næringslivet og andre relevante målgrupper. Tilsynet nyttar mellom anna kronikkar, rapportar, podkast, sosiale medier, høyringsfråsegn, webinar, redaksjonelle innsal, pressemeldingar og føredrag. I tillegg gir tilsynet rettleiing gjennom innhald på konkurransetilsynet.no og direkte rettleiing frå saksbehandlar på telefon og i møte.

Hausten 2025 starta tilsynet ein informasjonskampanje retta mot innkjøparar i offentleg og privat sektor i samband med OECD sine oppdaterte retningslinjer mot ulovleg anbodssamarbeid. Kampanjen har som mål å auke kunnskapen og vaktsemda rundt korleis ulovleg samarbeid i anbodskonkurransar kan avdekkast og førebyggjast, samt bidra til fleire tips om moglege ulovlege samarbeid. Kampanjen gjennomførast i samarbeid med DFØ og held fram i 2026.

I 2025 starta tilsynet planlegginga av ein informasjonskampanje om konkurransenøytralitet i norske kommunar. Arbeidet skjer i samarbeid med Nærings- og fiskeridepartementet. Bakgrunnen er OECD si anbefaling om konkurransenøytralitet og regjeringa sine eigarskapsprinsipp, som slår fast at statleg eller offentleg eigarskap ikkje skal gje urimelege fordelar eller ulemper i konkurransen. Tilsynet ønskjer å auke kunnskapen om prinsippet om at offentlege og private verksemdar skal ha like konkurransevilkår. Hovudmålgruppa for kampanjen er kommuneleiarar, men informasjonsmaterialet som er laga er og nyttig for verksemdsleiarar, innkjøparar, anskaffingsrådgjevarar, juristar og økonomi- og rekneskapsmedarbeidarar og politikarar i kommunane.

Statistikken under resultatkjeda i kapittel 3.10 viser at informasjons- og rettleiingstiltaka i 2025 har nådd breie målgrupper gjennom fleire kanalar.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet vurderer at måloppnåing for indikatoren er godt oppfylt i 2025.

Indikator: Kartleggje og dokumentere god kjennskap til Konkurransetilsynet sitt arbeid og konkurranselova blant ulike målgrupper.

I tillegg til førebuinga av ei kvantitativ brukarundersøking som skal gjennomførast i 2026, gjennomfører Konkurransetilsynet fleire former for kvalitativt innsiktsarbeid. Tilsynet har jamlege dialogmøte med Advokatforeininga sitt lovutval for Europa- og konkurranserett, der føremålet er å ha ein generell tilbakemeldingsdialog knytt til tilsynets arbeid. Denne dialogen gir innsikt i korleis aktørar som regelmessig har dialog med tilsynet oppfatar saksbehandlingsprosessane, og er eit høve til å komme med innspel til forbetringar. Møtet som vart planlagt i 2025 blei utsett til 2026 grunna tilsetjing av ny konkurransedirektør.

Tilsynet har også jamleg dialog med representantar frå Konkurransklagenemnda og Klagenemndssekretariatet for utveksling av generelle erfaringar frå ulike klageprosessar og felles utfordringar med omsyn til regelverk. Dette gir nyttige perspektiv som begge organ tek med vidare i sitt arbeid.

I samband med utvikling av nye nettsider har tilsynet gjennomført ein større innsiktsanalyse for å forstå kven brukarane til konkurransetilsynet.no er, og korleis dei nyttar nettsida. Det er mellom anna gjort djupneintervju med einsskilde advokatar, offentlege innkjøparar, bedriftsleiarar i små og mellomstore verksemdar. Målet er å utvikle ei meir brukarvennleg digital plattform.

I tillegg arrangerer tilsynet årleg ein konferanse i konkurranserett, og deltek på sentrale fag- og innkjøpskonferansar som JUS sin årlege konkurranserettskonferanse, KOFA-konferansen, NHH sin årlege FOOD-konferanse og DFØ sin anskaffingskonferanse. Desse arenaene gir innsikt i ulike synspunkt frå næringslivet og offentleg sektor, og gir høve til å formidle kunnskap om tilsynet sitt arbeid og rolla ulike aktørar kan spele i å avdekkje ulovleg samarbeid.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet vurderer at måloppnåing for indikatoren er godt oppfylt i 2025.

Effektiv drift

Indikator: *Ha system, rutinar og internkontroll med sikte på å legge til rette for ei effektiv drift.*

Konkurransetilsynet arbeider med å vidareutvikle system, rutinar og internkontroll som legg til rette for ei effektiv og trygg drift. Dette krev ei balansering mellom effektivitet og krav til informasjonstryggleik samt personvern og regelverk. Tilsynet har som mål å nytte planleggings- og styringsverktøy for å betre arbeidsflyt og ressursstyring. Leiaropplæring på fleire nivå blir vidareført for å styrkje styringskompetanse og kvalitet i saksbehandlinga.

Vurderingane og tiltaka byggjer på den etablerte internkontrollen som er dokumentert gjennom retningslinjer, kontrollprosessar og regelmessig intern rapportering om økonomi og ressursbruk.

Samla vurdering: Konkurransetilsynet vurderer at måloppnåinga for indikatoren er godt oppfylt i 2025.

Indikator: *Gjennomføre tiltak og vurderingar av verknadene dei har for verksemda sin effektivitet, medrekna dokumentasjon av ressursbruk.*

I 2024 gjennomførte Konkurransetilsynet to større organisasjonsendringar: integreringa av etterforskningsstaben i marknadsavdelingane og etablering av eining for data og

analyse. Arbeidet med vidareutvikling og implementering held fram i 2025. Tiltaka er innretta mot å styrkje kapasitet, kompetanseflyt og ressursutnyttinga i saksbehandlinga. Vidareutvikling av arbeidsmåtar og prosessar vil gje gradvise effektar over tid, men ambisjonane i satsinga må reflektere tilgjengelege ressursar.

Tilsynet vil evaluere verknadene av organisasjonsendringa i 2026. Effektivitet og ressursbruk vil vere ein del av denne evalueringa.

Samla vurdering: Sjølv om evaluering av verknadene av den gjennomførte organisasjonsendringa først vil skje i 2026, vurderer Konkurransetilsynet at måloppnåinga for indikatoren er rimeleg godt oppfylt i 2025.

3.3 Ulovleg samarbeid

Eit kartell er eit ulovleg samarbeid mellom to eller fleire føretak som eigentleg skulle ha konkurrert. I staden samarbeider dei til dømes om prisar, delar marknader mellom seg, utvekslar informasjon dei ikkje skal, eller avgrensar kor mykje dei sel eller produserer. Slike samarbeid skadar konkurransen og kan føre til høgare prisar for forbrukarane. Konkurranselova § 10 forbyr samarbeid mellom konkurrentar som har til formål eller verknad å avgrense konkurransen. Å avdekke kartell og handheve reglane mot ulovleg samarbeid er eitt av Konkurransetilsynet sine hovudoppdrag.

Vi overvaker alle typar marknader og kan starte undersøkingar på grunnlag av eigne funn, klagar, tips, eller søknader om lemping (amnesti) frå føretak som rapporterer om eigne ulovlege handlingar. På nettsida vår kan ein tipse oss anonymt og sikkert. Vi har teieplikt om identiteten til tipsarar, både under og etter ei eventuell etterforsking.

For å styrkje kunnskapen om kartell og førebyggje ulovleg samarbeid, formidlar vi informasjon om dette gjennom fleire kanalar.

I oktober 2025 publiserte vi ein episode av Konkurransepodden om kartell mellom bilprodusentar. I episoden tok vi for oss tre kartellsakar i bilindustrien og viste korleis slike samarbeid kan ramme både kundar og miljø, og korleis konkurranselova skal verne forbrukarane.

Revisorar og andre rådgjevarar kan spele ei viktig rolle i å førebyggje og avdekkje brot på konkurranselova. I desember 2025 publiserte vi ein kronikk retta mot revisorar, der vi peika på typiske teikn på ulovleg samarbeid og gav råd om kva ein bør vere merksam på i møte med kundar.

Pågåande etterforskingar

Konkurransetilsynet har fleire pågåande etterforskingssakar om mogleg ulovleg samarbeid. I 2025 blei det gjennomført umelde kontrollar i to nye saker der tilsynet har mistanke om ulovleg samarbeid. I den eine saka vart det gjennomført bevissikring hos fleire veterinærklinikkar og den andre saka gjeld ein digital plattformmarknad. Bevissikringane vart gjennomført etter løyve frå tingretten, og relevant materiale vart beslaglagt for vidare gjennomgang.

Etterforskinga av trafikkskular held fram i 2025 etter at det blei gjennomført bevissikring i november 2024.

Konkurransetilsynet publiserer pressemeldingar i samband med viktige milepælar i behandlinga av saker. Det gjeld mellom anna ved gjennomføring av bevissikringar og når tilsynet sender varsel og vedtak til aktørane. Merksemda kring våre etterforskingar har ein førebyggjande effekt og kan hindre ulovleg samarbeid mellom konkurrentar.

Forlenging av tiltak i drivstoffsmarknaden

Konkurransetilsynet forlenga vedtaket mot Circle K og YX Norge frå 2020 der dei forplikta seg til å ikkje publisere rettleiande listepisar for drivstoff på sine nettsider. På grunn av ei selskapsending i 2024 gjeld tiltaket no òg for Uno-X. Tiltaket skal motverke koordinering av prisar i ein marknad prega av få aktørar og høy gjennomslagskraft. Tilsynet vurderte at marknadsforholda i hovudsak er uendra sidan 2020, og at utveksling av konkurransesensitiv informasjon framleis kan leggje til rette for parallelle prisauke og høgare prisar for kundane.

Avslutta etterforsking i marknaden for flyttetjenester

Frå 2021 etterforska Konkurransetilsynet to flyttebyrå grunna mistanke om ulovleg samarbeid. Våren 2024 varsla tilsynet gebyr til begge aktørane og pålegg om å stanse samarbeidet. Etter at aktørane kom med merknader til varsla, konkluderte tilsynet etter ei samla vurdering med å leggje saka vekk.

Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid med kartellavdekking og ulovleg samarbeid:

INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå alle marknadsavdelingar og stabar.
- Tips og lempingssøknader.

AKTIVITETAR

- Behandling av søknader om lempning.
- Pågåande etterforsking mot aktørar i marknaden for trafikkskular.
- Bevissikring og pågåande etterforsking mot aktørar i marknaden for veterinærklinikkar.

- Bevissikring og pågåande etterforsking mot aktørar i digital plattformmarknad.
- Vurdering av tips om kartell og ulovleg samarbeid, inkludert digital kartellscreening.
- Deltaking i internasjonale arbeidsgrupper om avdekking av kartell, metodar for etterforsking og meir.
- Dialog med offentlege innkjøparar og næringslivet: informasjon om lemping og tipsordning, samt synlegheit i media.

PRODUKT/TENESTER

- Vurdering av alle tips og behandling av lempingssøknader.
- Forlenging av vedtak om tiltak i drivstoffmarknaden.
- Avslutta sak i marknaden for flyttetjenester.

BRUKAREFFEKTER

- Tovegs anonym dialog gjennom trygge kanalar for innmelding av tips og lemping gjer det lettare for verksemdar, rådgjevarar og innkjøparar å melde frå om mistenkeleg åtferd.
- Informasjonstiltak retta mot offentlege innkjøparar og næringslivsaktørar gjer fleire i stand til å kjenne teikn på kartell og handtere risiko i konkurransar og innkjøp.
- Handheving og rettleiing bidreg til at fleire verksemdar kjenner grensa mellom lovleg og ulovleg samarbeid, og i større grad tilpassar praksis for å unngå brot på konkurranselover.

SAMFUNNSEFFEKTER

- Når ulovleg samarbeid blir avdekt eller avskrekka, blir risikoen for overprising og vilkår som ikkje er marknadsbaserte redusert
- Mindre kartellverksemd gir auka konkurranse, som over tid vil føre til lågare prisar og betre utnytting av ressursar i økonomien.
- Avskrekking bidreg til at konkurranse skjer på pris, kvalitet, utval og innovasjon av produkt/tjenester, i staden for samarbeid mellom marknadsaktørane. Dei avskrekkande effektane av handhevinga er sannsynlegvis betydeleg.

3.4 Misbruk av dominans

Konkurranselover § 11 forbyr føretak med dominerande marknadsstilling å misbruke posisjonen sin. Eit føretak har ei dominerande stilling dersom det kan føre seg i marknaden utan å ta omsyn til konkurrentar, kundar eller leverandørar. Slike føretak har eit særleg ansvar for å unngå at deira åtferd hemmar konkurransen.

Pågåande etterforskingssak

I februar 2022 gjennomførte Konkurransetilsynet bevissikring hos KLP etter mistanke om brot på § 11 og EØS-avtalen artikkel 54 om utilbørleg utnytting av dominerande stilling. Etterforskinga gjeld KLP si verksemd i marknaden for tenestepensjon, mellom anna i samband med flytting av pensjonsordningar mellom leverandørar. Formålet med bevissikringa var å avklare om verksemda si praksis har vore i samsvar med konkurransereglane.

Bevissikringa omfatta også elektroniske dokument som inneheld juridisk rådgjeving frå internadvokatar. I samband med bevissikringa oppstod spørsmål om moglegheita til å ta beslag i slike dokument. I juni 2025 avsa Gulating lagmannsrett ein orskurd der retten konkluderte med at internadvokatar er omfatta av advokatprivilegiet på same måte som eksterne advokatar, også når tilsynet etterforskar EØS-konkurransesaker. Orskurden vart ikkje anka.

Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet si handheving av forbodet mot misbruk av dominans

INNSATSAKTORAR

- Ressursar frå alle marknadsavdelingar og stabar.
- Prioritering av saker etter ressursbruk og effektar.

AKTIVITETAR

- Pågåande etterforsking mot KLP i marknaden for tenestepensjon.
- Vurdering av tips, klagar og lempningssøknader knytt til mogleg misbruk av dominans.

PRODUKT/TENESTER

- Oppfølging av tips og lempningssøknader.
- Rettsavklaringa om rammene for advokatprivilegiet.

BRUKAREFFEKTA

- Effektiv handheving bidreg til at marknadsaktørar med dominerande stilling tilpassar praksis til konkurransereglane. Dette legg til rette for at andre aktørar lettare kan konkurrere med det dominerande føretaket, og at nye aktørar kan etablere seg i marknaden.
- Tilsynets rettleiing og synlegheit bidreg til betre forståing blant forbrukarar og verksemdar for kva som utgjer ulovleg marknadsåtferd for ein aktør som har ei dominerande stilling.

SAMFUNNSEFFEKTA

- Effektiv handheving støttar velfungerande marknader slik at fleire aktørar kan konkurrere på like vilkår. Over tid vil dette bidra til lågare prisar, betre kvalitet, meir innovasjon og større utval av varer og tenester både for forbrukarar og aktørar.
- Inngrep reduserer risikoen for marknadskontroll og utestenging av andre aktørar, og bidreg til meir effektiv ressursbruk i marknadane.

3.5 Marknadsetterforsking

I juli 2025 kom det ei lovendring i konkurranselova som har gjeve Konkurransetilsynet høve til å bruke marknadsetterforsking som eit nytt verkemiddel. Dette kjem i tillegg til dei eksisterande verkemidla, og skal bidra til å styrkje evna vår til å oppfylle samfunnsoppdraget.

Marknadsetterforsking kan nyttast når det er grunn til å tru at det finst vesentlege konkurranseproblem i ein marknad, sjølv om det ikkje ligg føre brot på konkurranselova. Verkemiddelet gir høve til å gripe inn tidlegare og meir målretta enn med dei eksisterande verkemidla. Som med dei andre verkemidla skal marknadsetterforsking brukast på ein forsvarleg måte og eventuelle vedtak skal byggje på grundige vurderingar. Når val av ein marknad blir gjort, vil avgjerda offentleggjerast og sendast på høyring. Høyringa er ein viktig del av arbeidet for å sikre ein open og transparent prosess.

Som ein del av informasjons- og rettleiingsarbeidet publiserte tilsynet ein episode av Konkurransesoppen om marknadsetterforsking i juli 2025.

Tilsynet starta i 2025 arbeidet med å vurdere i kva for marknad det vil vere mest føremålstenleg å opne ei marknadsetterforsking. Vurderingane byggjer på konkurransefaglege analysar. Ei marknadsetterforsking kan gje betydelege velferdsgevinstar dersom det ligg føre vesentlege konkurranseavgrensingar men kan òg vere ressurskrevjande for aktørar i den relevante marknaden. Tilsynet vil berre opne ei gransking i marknader der det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om konkurranseutfordringane og der det er grunn til å tru at det er mogleg å finne tiltak som kan løyse desse utfordringane.

Erfaringar frå andre land viser at slike granskingar kan gje store gevinstar for forbrukarane. Ifølgje berekningar frå den britiske konkurransemyndigheita (CMA)¹⁷ var dei årlege innsparingane for forbrukarar i perioden 2022/23–2024/25 om lag 1,7 milliardar britiske pund. Til samanlikning var direkte innsparingar frå handheving av forbodsføresegnene om lag 120 millionar britiske pund per år.

¹⁷ Sjå [CMA impact assessment](#).

3.6 Fusjonskontroll

Konkurransetilsynet skal forby føretakssamanslutningar som i betydeleg grad hindrar effektiv konkurranse. Om det er mogleg, kan tilsynet tillate ein transaksjon på vilkår som held oppe konkurransen slik at forbrukarane ikkje blir skadelidande.

Konkurransetilsynet fekk inn 188 meldingar om føretakssamanslutningar i 2025. Dei fleste blir avslutta innan 25 eller færre verkedagar. I 2025 varsla tilsynet mogleg inngrep i seks saker. Tre av desse sakene blei godkjent med avhjelpande tiltak og ei av sakane er framleis under behandling. Du kan lese meir om fusjonssakene våre på tilsynets nettsider.

Schlumberger og ChampionX

I januar 2025 mottok Konkurransetilsynet melding om samanslåinga mellom Schlumberger Limited og ChampionX Corporation. Den 25. februar varsla tilsynet at inngrep kunne bli aktuelt. Tilsynet var bekymra for at oppkjøpet kunne føre til innsatsfaktorutestenging og svekkje konkurransen i marknadene for permanent brønnovervaking og retningsboring i Noreg. For å avhjelpe dette forplikta partane seg til fleire tiltak, mellom anna sal av verksemd, langsiktige leveringsforpliktingar og lisensavtalar som skal leggje til rette for konkurranse frå alternative leverandørar. Tilsynet fatta vedtak om at oppkjøpet tillatast på vilkår 26. mai. Etter at tilsynet hadde vurdert dei signerte avtalane i juli 2025, blei det konkludert med at vilkåra var oppfylte.

Infomedia og Retriever

I januar 2025 mottok Konkurransetilsynet melding om at ei samanslåing mellom Retriever og Infomedia. Meldinga kom etter at Konkurransetilsynet hadde pålagt meldeplikt i saka, sjølv om partanes omsetning var under dei lovbestemte terskelverdiane. Tilsynet varsla 12. mai 2025 om at inngrep kunne bli aktuelt, fordi var bekymra for at eit fullt samanslått selskap i vesentleg grad ville svekkje konkurransen i marknaden for medieovervakingstenester. 16. Juli 2025 godkjende tilsynet transaksjonen på vilkår om sal av Infomedia Norge til ein eigna og uavhengig kjøpar, som må godkjennast av tilsynet.

Karo Healthcare og Aco Hud Nordic

I november 2025 varsla Konkurransetilsynet om at det kunne vere aktuelt å gripe inn mot Karo sitt oppkjøp av Aco. Tilsynet var bekymra for at samanslåinga kunne avgrense konkurransen i marknaden for behandlande hudpleieprodukt, da partane blei vurdert som nære konkurrentar og etableringshindringane var høge. Karo forplikta seg til å selje retten til å marknadsføre og selje produkt under Locobase-merkevara i Norden, for å sikre vidare effektiv konkurranse i marknaden. Oppkjøpet vart godkjent i mars 2026 på desse vilkåra.

Telenor og GlobalConnect

I desember 2025 varsla Konkurransetilsynet om behov for å undersøkje nærare Telenor sitt oppkjøp av GlobalConnect si privatkundeverksemd. Tilsynet var bekymra for at oppkjøpet kan svekkje konkurransen i markanden for breibandstenester til privatkundar, der partane konkurrerer i fleire delar av landet. Tilsynet meinte òg det var naudsynt å gjere ytterlegare undersøkingar av om oppkjøpet kan gjere det vanskelegare for andre breibandsaktørar å få tilgang til Telenor sin infrastruktur og om oppkjøpet kan ha negative verknader på konkurransen om TV-tenester til privatkundar. Saka går framleis føre seg.

Fusjonssaker avslutta utan inngrep

I 2025 behandla Konkurransetilsynet to fusjonssaker som vart avslutta utan inngrep etter nærare undersøkingar. Dette gjaldt samanslåinga mellom Vy og Flytoget, samt NorgesGruppen sitt oppkjøp av Norsk Medisinaldepot. Etter grundige vurderingar av relevant marknadsinformasjon, konkluderte tilsynet med at føretakssamanslutningane ikkje i betydeleg grad ville hindre effektiv konkurranse, og sakene vart derfor avslutta utan inngrep.


Varsel om gebyr for å ha gjeve uriktige opplysningar til Konkurransetilsynet

Hausten 2025 starta Konkurransetilsynet undersøkingar av om det var gjeve uriktige opplysningar i meldinga som omhandla SLB sitt oppkjøp av ChampionX. I februar 2026 varsla tilsynet eit gebyr på 30 mill. kroner til SLB. Plikta til å gje riktige og fullstendige opplysningar til Konkurransetilsynet er grunnleggjande for at tilsynet skal kunne handheve konkurranselova, og for å kunne drive effektiv kontroll med fusjonar og oppkjøp. Potensiell skade ved å gje uriktige opplysningar er stor, ettersom tilsynet kan kome til å fatte avgjerd på feil grunnlag. Varselet er ei førebels vurdering, og selskapet har høve til å kome med sine merknader innan fristen før tilsynet fattar endeleg avgjerd.

Forbodet mot Norva24 sitt oppkjøp av Vitek Miljø vart oppretthaldt av Konkurransesklagenemnda

I slutten av januar 2025 fekk Konkurransetilsynet stadfesta eit tidlegare forbod mot oppkjøp i marknaden for tømme- og spyletenester. Konkurransesklagenemnda stadfesta tilsynets vedtak om å forby Norva24 Vest sitt oppkjøp av Vitek Miljø. Nemnda la, på same måte som Konkurransetilsynet, til grunn at oppkjøpet ville ha fjerna eit viktig konkurransepress mellom to nære konkurrentar. For å førebyggje seinare konkurranseskadelege oppkjøp i same marknad vart Norva24 Holding AS og andre selskap i konsernet frå 16. mai pålagde opplysningsplikt for fusjonar, oppkjøp og minoritetsserverv.

Avslutning av fusjonssaker der Konkurransetilsynet har sendt varsel om mogleg inngrep 2020-2025¹⁸



Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid med fusjonskontroll

INNSATSAKTORAR

- Ressursar frå alle marknadsavdelingar og stabar.
- Sakene blir prioriterte ut frå ressursbruk og effekt på marknaden.

AKTIVITETAR

- 188 meldingar om føretakssamanslutningar mottatt.
- Avslutta 182 meldingar om føretakssamanslutningar innan 25 verkedagar.
Grundigare vurdering av seks meldingar om føretakssamanslutningar
- Påla og følgde opp opplysningsplikt i konsentrerte marknader.
- Marknadsovervaking for å vurdere behov for pålegg av meldeplikt eller opplysningsplikt, og pålagt meldeplikt der nødvendig.

PRODUKT/TENESTER

- Norva24 vart pålagt opplysningsplikt.
- Føretakssamanslutninga mellom Schlumberger og ChampionX vart godkjend på vilkår.
- Føretakssamanslutninga mellom Infomedia og Retriever vart godkjend på vilkår.
- Føretakssamanslutninga mellom Vy og Flytoget vart avslutta utan inngrep.

¹⁸ Talet for 2025 omfattar ikkje vedtak fatta etter 2025/2026.

- Føretakssamanslutninga mellom NorgesGruppen og Norsk Medisinaldepot vart avslutta utan inngrep.
- Gjennomgang av føretakssamanslutninga mellom Karo og Aco vart påbegynt i 2025 og godkjent på vilkår i 2026.
- Gjennomgang av føretakssamanslutninga mellom Telenor og GlobalConnect vart påbegynt i 2025.

BRUKAREFFEK TAR

- Føretaka etterlever meldeplikt og opplysningsplikt.
- Synlegheit og moglegheit for inngrep kan føre til at føretaka revurderer eller skrinlegg planar om konkurranseskadelege fusjonar og oppkjøp.
- Ordning med forenkla melding og raske avklaringar gjer det enklare for næringslivsaktørane å gjennomføre fusjonar og oppkjøp som ikkje skadar konkurransen.

SAMFUNNSEFFEK TAR

- Effektiv fusjonskontroll fører til at auka marknadskonsentrasjon som hadde ført til dårleg konkurranse, blir unngått.
- Over tid bidreg effektiv fusjonskontroll til at forbrukarar blir skåna for høgare prisar, mindre utval og mindre innovasjon som følgje av avgrensa konkurranse. Styrka konkurranse kan også ha positive verknader på produktivitet, sysselsetting og verdiskaping.

3.7 Daglegvaremarknaden

Daglegvaremarknaden er ein prioritert marknad for Konkurransetilsynet. Marknaden er prega både av høg konsentrasjon og høge etableringshindringar. Tilsynet arbeider med aktiv handheving av konkurransereglane i heile verdikjeda for mat og daglegvarer, og gir faglege råd og anbefalingar for å styrkje konkurransen i marknaden.

Det er store aktørane med sterke posisjonar både på leverandør- og kjedeledd. Desse strukturane er i stor grad stabile, mellom anna som følgje av importvernet og høge etableringskostnader som gjer det krevjande å få til nyetableringar i marknaden.

Utover handheving har Konkurransetilsynet i 2025 særleg prioritert arbeid knytt til ulike kartleggingar som gir viktig informasjon om konkurransen i marknaden. Tilsynet har óg laga ein podcast som omtaler dei ulike tiltaka som er gjennomført for å betre konkurransesituasjonen i marknaden.

Saka mot NorgesGruppen, Coop og Rema

I august 2024 vedtok tilsynet å påleggje daglegvarekjedene gebyr på til saman 4,9 milliardar kronar. Saka gjaldt kjedene sitt samarbeid om å gje kvarandre tilgang til

omfattande prisinformasjon gjennom såkalla *prisjegerar*. Konkurransetilsynet vurderte at dette samarbeidet auka gjennomsiktigheita mellom aktørane og svekte insentiva til å konkurrere hardt på pris.

I august 2025 fekk tilsynet fullt medhald i prisjegersaka, då Konkurransetilsynet oppretthaldt tilsynet sitt vedtak mot kjedene for ulovleg samarbeid i strid med konkurranselova § 10 og EØS-avtalen artikkel 53. I november 2025 tok aktørane saken inn for Gulating lagmannsrett.

Kartlegging av forskjellar i innkjøpsprisar

Konkurransetilsynet har sidan 2018 kartlagt forskjellar i innkjøpsprisar mellom dei største daglegvarekjedene frå eit utval leverandørar. Kartlegginga er ein viktig del av tilsynet si oppfølging av konkurransen i daglegvaremarknaden. Kartlegginga gjort i 2025 viser at forskjellar i innkjøpsprisar mellom kjedene har blitt ytterlegare reduserte samanlikna med tidlegare år, sjølv om NorgesGruppen framleis har lågare prisar enn Coop og Rema. Kartlegginga indikerer at skilnadene i stor grad heng saman med kjedene sin forhandlingsstyrkje, volum og ulike motytingar overfor leverandørane.

Kartlegging av bruttomargar i daglegvaremarknaden

Kartlegginga av bruttomargar for ulike produktkategoriar som ble publisert i januar 2025 viser store skilnader i inntening mellom merkevarer og EMV. Resultata viser mellom anna at daglegvarekjedene har lågare gjennomsnittlege margar på EMV enn på kartlagde merkevarer.

Kartlegginga viste også stor variasjon i marginane til leverandørane, og at 70 – 95 prosent av driftskostnadene var knytt til innkjøp.

Kartlegging av marknadsandelar

Kartlegginga som vert publisert i april 2025 viser at marknaden framleis er sterkt konsentrert, og at lågprissegmentet dominerer. Rema har hatt den største auken i marknadsdelar dei siste åra, medan NorgesGruppen har hatt den største reduksjonen. Det er òg store regionale skilnader i marknadsdelar mellom kjedene.

Fullstendige analyser og tal er publiserte i Daglegvarerapporten 2024.

Andre kartleggingar

Våren 2025 starta tilsynet arbeidet med å kartleggje bruken av eksklusive leigeavtalar som kan avgrense tilgangen til eigna lokale for konkurrentar.

Konkurransetilsynet har i 2025 også starta arbeidet med kartlegging av daglegvarekjedenes egne merkevarer (EMV).

Overgang frå målpris til volumprismodell i meierimarknaden

Konkurransetilsynet har i 2025 følgt opp endringane i prismodellen for mjølk og vurdert konsekvensane for konkurransen i meierimarknaden. I november 2025 gav tilsynet høyringsfråsegn til Landbruks- og matdepartementet om forslaget til forskriftsfesting av avtalen mellom Landbruksdirektoratet og Tine SA. Tilsynet meiner at forslaget er eit steg i riktig retning, men at det ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar reell konkurransenøytralitet i marknaden. Etter overgangen til volumprismodell har Tine fått større kontroll over prisfastsetjinga på mjølk, noko som kan skape uvisse for konkurrentane og svekkje konkurransen i marknaden. Tilsynet har derfor etterlyst tydelegare rammer og eit styrka kontrollregime for prisfastsetjinga, innanfor rammene av internasjonalt regelverk.

Håndhevingen av lov om god handelskikk

I desember 2025 vart det vedteke å overføre ansvaret for handhevinga av lov om god handelsskikk i daglegvarekjeda til Konkurransetilsynet. Når dette gjennomførast vil det innebære ei utviding av tilsynet sitt ansvar i daglegvaremarknaden og stille nye krav til både fagleg kompetanse og organisatorisk kapasitet.

Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid i daglegvaremarknaden

INNSATSAKTORAR

- Ressursar frå marknadsavdeling for mat, handel og helse og andre einingar i tilsynet.
- Prioritering av ressursar til å styrkje satsinga på tiltak for økt konkurranse i daglegvaremarknaden.

AKTIVITETAR

- Generell marknadsovervaking.
- Vurderingar av fusjonsmeldingar og kontroll av at opplysnings- og meldeplikt etterlevast.
- Møter om konkurransesituasjonen med ulike aktørar i marknaden.
- Jamlege møter med andre relevante myndigheiter, blant anna Daglegvaretilsynet, Forbrukerrådet og Landbruksdirektoratet.
- Høyringsfråsegner til Landbruks- og matdepartementet og til Nærings- og fiskeridepartementet.
- Kartlegging av blant anna forskjellar i innkjøpsprisar, lønnsemd og marginar, EMV, eksklusivavtalar og marknadsdelar.

PRODUKT/TENESTER

- Daglegvarerapport for 2024.
- Systematisert og oppdatert kunnskapsgrunnlag om konkurransen i daglegvaremarknaden, som gjev grunnlag for handheving og oppfølging og vurdering av tiltak.
- Dokumenterte analysar av blant anna innkjøpsprisar, marknadsdelar, eigarstrukturar og EMV.

BRUKAREFFEK TAR

- Auka etterleving av konkurransereglane blant daglegvareaktørane.
- Marknadsovervaking reduserer risikoen for konkurranseskadelege avtalar, ekskludering av nye aktørar og anna konkurranseavgrensande åtfærd.
- Bete kunnskapsgrunnlag blant forbrukarar og offentlege styresmakter om prisdanning og marknadsstruktur.

SAMFUNNSEFFEK TAR

- Bete konkurranse i daglegvaremarknaden vil bidra til lågare prisar, betre kvalitet, meir innovasjon og betre utval, samt meir effektive verdikjeder og betre etableringsvilkår for nye aktørar.

3.8 Konkurranse i ein digital økonomi

Konkurransetilsynet følgjer med på korleis digitalisering, algoritmar og bruk av kunstig intelligens påverkar konkurransen i ulike marknader. Digital utvikling kan bidra til innovasjon og effektivitet i samfunnet, men òg føre til auka marknadskonsentrasjon og auka risiko for ulovleg samarbeid.

Tilsynet vurderer nye skadehypotesar knytt til digitale forretningsmodellar, har dialog med andre konkurransemyndigheitar om handheving i den digitale økonomien, og følgjer utviklinga i europeisk regleverk. Samstundes arbeider vi med å utnytte digitale verktøy og kunstig intelligens for å styrkje eigen analyse- og handhevingskapasitet.

Data og analyse

Kunstig intelligens (KI) gir moglegheiter innanfor innovasjon og effektivisering, men kan òg påverke konkurransen. KI kan brukast til å analysere store datamengder og utvikle avanserte prisalgoritmar, noko som skapar nye utfordringar. Til døme kan lynrask deling av marknadssensitiv informasjon og bruk av sjølvlærande prisalgoritmar potensielt føre til priskoordinering utan menneskeleg innblanding. Store aktørar med tilgang til omfattande datamengder kan oppnå konkurransefordelar som gjer det vanskelegare for mindre aktørar å etablere seg.

For å møte slike utfordringar og styrkje tilsynet si analyseevne, har data- og analyseininga i 2025 vidareutvikla digitale verktøy. Tilsynet har òg arbeidd med å integrere nye datakjelder i maskinlæringsplattforma og starta utforskinga av nasjonale fellesløysingar. I tillegg har KI blitt tatt i bruk som støtteverktøy i interne arbeidsprosessar.

Bruken av maskinlæringsplattforma gjer det mogleg å analysere store datamengder på ein trygg måte, og styrkjer tilsynet sitt evne til å identifisere mønstre, simulere marknadsåtferd og avdekkje moglege konkurransebrot.

Handheving av konkurranselova

Konkurransetilsynet har i 2025 arbeid aktivt for å avdekkje og hindre eventuelle konkurranseproblem som kan oppstå som følgje av digitalisering. Mellom anna gjennomførte tilsynet ei bevissikring i ein digital plattformmarknad. Saka er framleis under etterforsking.

Arbeid knytt til konkurransepolitikk

I oktober 2025 gav tilsynet høyringsfråsegn til forslaget om ny digitaltenestelov, som gjennomfører EU sin Digital Services Act (DSA) i norsk rett. Tilsynet peika på at fleire av dei føreslegne reglane, mellom anna krav om openheit i anbefalingssystem, merking av reklame og forbod mot manipulerande design, også kan bidra til betre konkurranse i digitale marknader. Tilsynet støtta lovforslaget og vurderte at reglane vil kunne styrkje både forbrukarbeskyttelsen og leggje til rette for konkurranse basert på kvalitet framfor datatilgang og marknadsmakt.

Samstundes stiller utviklinga i europeisk regelverk, mellom anna EUs KI-forordning, auka krav til ansvarleg bruk av algoritme-baserte teknologiar. Tilsynet følgjer utviklinga tett og vurderer løpande om nye teknologiar gir opphav til nye former for konkurransehindringar.

3.9 Miljø og berekraft

Berekraftig utvikling og konkurransepolitikk står sentralt i Konkurransetilsynet sitt arbeid. Ein effektiv konkurransepolitikk bidreg til berekraftig utvikling gjennom å stimulere til innovasjon, produktivitetsvekst og omstilling i næringslivet. Tilsynet arbeider for effektiv handheving av konkurranselova som støttar den grønne omstillinga. Vi bidreg til synlegheit og rettleiing om konkurranse og berekraft gjennom innlegg om temaet for næringsliv og andre, samt, rettleiing på tilsynets si temaside om berekraft og rettleiing på saksbehandlarnivå anten på telefon eller i møter.

Samstundes følgjer vi internasjonale initiativ innanfor EØS som er relevante for konkurransepolitikken. I 2025 har vi delteke på møte om berekraft i ECN og gjeve innspel til EU-kommisjonens høyring om nye fusjonsretningsliner der berekraft var eit einskild tema.

I april 2025 gav Konkurransetilsynet høyringssvar til Energidepartementet om forslaget til ny lov om Norgespris og straumstøtte til hushald. Tilsynet peika på at ordninga kan føre til auka straumforbruk, høgare prisar og svekte insentiv til energieffektivisering og fleksibelt forbruk. Tilsynet vurderte kontantoverføringar som eit meir effektivt

omfordelingstiltak, sidan det ikkje forstyrrar prissignala i marknaden og støttar berekraftig utnytting av energiressursane.

I september 2025 gav Konkurransetilsynet høyringssvar til Klima- og miljødepartementet om rapporten «Ikke rett fram» om sirkulær økonomi. Tilsynet støtta målet om å fremje ombruk, reparasjon og resirkulering, men peika på at nye reguleringar må utformast slik at dei ikkje avgrensar konkurransen eller hemmar innovasjon. Tilsynet understreka at rigide krav kan gjere det vanskelegare for nye aktørar å etablere seg i marknaden, og føre til mindre effektiv ressursbruk. Dette gjeld særleg forslag om bransjeordningar for reparasjon av elektronikk og kvitevarer, krav til brukte bildelar, strengare krav i offentlege byggeprosjekt og regulering av avfallsmarknaden.

3.10 Pådrivar for konkurranse

Konkurransetilsynet skal vere ein aktiv pådrivar for velfungerande konkurranse. Gjennom synlegheit, rettleiing og faglege innspel arbeider tilsynet for å styrkje kjennskapen til konkurransereglane og etterleving i næringslivet. Dette arbeidet skal bidra til å førebyggje konkurranseskadeleg åtferd og til at offentlege reguleringar i større grad legg til rette for velfungerande konkurranse.

Konkurransetilsynet har eit breitt spekter av pådrivar- og rettleiingsaktivitetar, noko som kjem fram i tabellen under aktivitetar nedanfor. Vi bruker ulike plattformer for å nå dei ulike målgruppene våre. Målet er å auke kunnskapen om konkurranselova og fremje forståing av kva som skal til for å oppnå sunn konkurranse til det beste for samfunnet, næringsliv og forbrukarane.

Rettleiing

Konkurransetilsynet tilbyr rettleiing til ulike aktørar gjennom ulike kanalar. Det finst omfattande informasjon om konkurranselova på nettsida vår og vi svarar på generelle spørsmål via telefon, e-post og i fysiske møter. I tillegg blir det heldt foredrag og innlegg på kurs og konferansar i samarbeid med bransjeorganisasjonar og andre relevante aktørar.

Tilsynet gir generell rettleiing, informasjon om reglar og tidlegare praksis, men kan ikkje gje godkjenning på førehand i einskilde saker. Tilsynet sine vedtak inneheld omfattande juridiske og økonomiske vurderingar som kan overførast til andre saker og problemstillingar. Ekspertane våre skildrar aktuelle tema innanfor konkurranselovgjeving gjennom Konkurransespodden og ulike kronikkar om ulike emne innan konkurransepolitikk. Den årlege juskonferansen gir også verdifull rettleiing og innsikt i norsk og EU/EØS-lovgjeving.

Konkurranshemmande reguleringar

Konkurransetilsynet har ein tipsfunksjon der næringsdrivande og andre kan melde frå om reguleringar som blir oppfatta som konkurransehemmande. I 2025 fekk vi 31 tips som vart vurderte for oppfølging. Desse tipsa bidreg til at vi kan ivareta oppgåvene våre etter konkurranselova § 9e, som inneber å påpeike konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak.

Andre høyringsfråsegn

I 2025 kom Konkurransetilsynet med høyringsfråsegn i 13 ulike høyringar. Nokre fråsegn er omtalt over. Andre høyringsfråsegn der tilsynet har vurdert og påpekt moglege verknader for konkurransen omfattar følgande:

- Finansdepartementets høyring om Sparebankutvalet sine forslag.
- Samferdselsdepartementets høyring om Postutvalet si utgreiing
- Finansdepartementets forslag til regulering av produktpakker og koplingsal i finansmarknaden
- Barne- og familiedepartementets forslag om rapporteringsplikt til Finansportalen for pris- og produktopplysningar om fonds- og pensjonstenester
- Barne- og familiedepartementets forslag til endringar i gjeldsinformasjonslova- og forskrifta
- Nærings- og fiskeridepartementets høyring om forlenging av ordninga med maksimalpris for drosjer som blir praia på gate eller haldeplass
- Skatteetatens forslag til samordna aksjeeigarregister

Meir informasjon om Konkurransetilsynets høyringsfråsegn finnast på tilsynets nettsider.

Resultatkjede for Konkurransetilsynet sitt arbeid med å vere pådrivar for konkurranse¹⁹

INNSATSAKTORAR

- Ressursar frå kommunikasjonsstab, andre stabar og marknadsavdelingane.
- Medieovervaking.

BRUKAREFFEKTA

- Auka kjennskap til Konkurransetilsynet sitt arbeid og konkurranselova.
- Fleire føretaksleiarar tar aktive grep for å sikre etterleving av konkurransereglane og førebyggje regelbrot.
- Fjerning av konkurransehemmande reguleringar for å få fremje verksam konkurranse.

¹⁹ Aktivitetar blei flytta til styringsindikatoren ved kap. 3.2.

Aktiviteter	Resultat
Sidevisningar på konkurransetilsynet.no	144 055 besøkande, og 659 093 sidevisningar
Nytt nynorskinnhald på kt.no	25,5%
Total abonnentar på nyheitsvarsel frå Konkurransetilsynet	930
Følgjarar på sosiale medium	4267
Nynorsk innhald på sosiale medium	30%
Føredrag og webinar	21
Innsynskrav	2139
Tal podkastepisodar	5
Total nedlasting av alle podkastepisodane	13299
Tal kronikkar	3
Tal konferansar	1
Tal høyringsfråsegn	13
Tal rapportar	3
Tal skulebesøk	8
Tal medieoppslag	3754
Tal pressemeldingar	40

SAMFUNNSEFFEK TAR

- Styrkt kjennskap til konkurransereglane og etterleving i næringslivet, som bidreg til å førebyggje konkurranseskadeleg åttferd.
- Velfungerande marknader som gir lågare prisar, betre utval og kvalitet, og meir innovasjon.

3.11 Internasjonalt arbeid

Målet for Konkurransetilsynets internasjonale arbeid er å ivareta oppgåvene våre for departementet (NFD), oppfylle lovpålagde plikter og bidra til at norske konkurransepolitiske interesser blir ivaretekne i internasjonale prosessar. Samstundes bidreg vi med erfaringane våre og nyttar internasjonal kunnskap, noko som styrkjer evna vår til å fremje velfungerande konkurranse.

I 2025 har Konkurransetilsynet vore aktivt i fleire viktige internasjonale forum.

EØS-arbeid

Gjennom EØS-avtalen har vi ansvar for å handheve konkurransereglane. Vi deltok i både formelle og uformelle møter knytt til EØS, noko som sikrar at vi er oppdaterte og bidreg aktivt i viktige diskusjonar. Ein viktig del av dette arbeidet er deltaking i ECN-nettverket. ECN består av 11 arbeidsgrupper og 12 sektorvise undergrupper. Mellom desse er det eigne arbeidsgrupper for digitale marknader (Digital Markets Act) samt digital etterforskning og kunstig intelligens. Vidare er det to årlege plenarmøte og møte mellom generaldirektørane i nettverket. Det vart i 2025 arrangert 32 møter i nettverket. Nokre av dei var digitale. Konkurransetilsynet deltok i dei aller fleste av desse møta. På høveleg vis held vi NFD informert om regelverkssaker som det arbeidast med i nettverket. I tillegg til møte i ECN-nettverket deltok òg tilsynet på eit møte mellom leiarane i dei europeiske konkurransetilsyna (ECA Heads of Authorities) i februar 2025.

Deltaking i desse forum gir tilsynet innsikt i regelverksutviklinga som kan få betydning for norske marknader, og styrkjer grunnlaget for eiga handheving og for faglege innspel til NFD.

EFTA-samarbeid

Vi har hatt tett kontakt med ESA. I oktober besøkte leiinga i ESA tilsynet i Bergen for å diskutere aktuelle problemstillingar. I tillegg samarbeider tilsynet med dei andre EFTA-landa gjennom EFTA Competition Network.

Samarbeidet med ESA bidreg til samordning i handhevinga av EØS-konkurransereglane og gir tilsynet betre oversikt over saker av interesse for norske styresmakter.

OECDs Konkurransekomité

Konkurransetilsynet representerer Noreg i OECD sin Konkurransekomité. Komiteen har mellom anna møter som varer i ei veke to gongar i året. I tillegg til årsrapporten til OECD for 2024, bidrog vi òg med eit skriftleg innlegg om mobile betalingsløysingar, i panelet i ein workshop om å fremje konkurransenøytralitet og med innlegg på seminar om «Building a strong competition case in traditional markets».

Tilsynet har god dialog med NFD om arbeidet i OECD, både i forkant og etterkant av møta.

I tillegg til å representere norske interesser, er arbeidet i OECD ein viktig kjelde til fagleg informasjon og kontaktar for tilsynet. Arbeidet i OECD gir også eit viktig bidrag til kompetanseoppbygging. Tilsynet får tilgang til fagleg bakgrunnsmateriale, tilnærmingar i andre land og beste praksis som blir nytta i vurderingar av norsk konkurransepolitikk og handheving. Tilsynet bidreg også internasjonalt med sine erfaringar og tilnærmingar.

Nordisk samarbeid

Det nordiske samarbeidet på konkurranseområdet er omfattande, og gir gode rammer for erfaringsutveksling og praktisk handhevingsamarbeid mellom konkurransestyresmaktene i Norden.

- Konkurransetilsynet var vertskap for det årlege møtet mellom dei nordiske konkurransestyresmaktene, som i 2025 vart arrangert i Bergen.
- Som ein del av kompetanseoppbygginga hos dei ukrainske konkurransestyresmaktane (AMCU) var Konkurransetilsynet ansvarleg for å arrangere ei seminarserie retta mot mellom anna gjennomføring av bevissikring.
- Dei finske, norske, danske og islandske konkurransetilsyna underteikna ein samarbeidsavtale med Toulouse School of Economics (TSE) – eit av verdas fremste fagmiljø innan konkurranseøkonomi. Gjennom samarbeidet vil forskarar og akademikarar frå TSE bidra med opplæring for tilsette hos konkurransemyndigheitene i desse landa.
- Det har vore ei rekkje møte i dei ulike nettverksgruppene i det nordiske samarbeidet. Mellom anna har dei nordiske konkurransedirektørane hatt jamleg kontakt gjennom året.

Dette legg til rette for meir effektiv handheving av konkurransereglane i Norden.

ICN-samarbeidet

Konkurransetilsynet deltek i det internasjonale konkurransenettverket (ICN), eit global nettverk for erfaringsutveksling og metodisk utvikling på konkurranseområdet.

I 2025 deltok tilsynet i årsmøtet i ICN. I tillegg valde tilsynet to eksterne rådgjevarar til å følgje og bidra i nettverket sitt arbeid. Rådgjevarane blei valt etter ein open utlysingsprosess.

3.12 Konkurransefagleg forskning og utgreiing

Konkurransefagleg forskning er viktig for arbeidet til Konkurransetilsynet. Sidan 2014 har tilsynet finansiert forskning innan konkurranseøkonomi og konkurranserett. Dette har styrkt norske forskingsmiljø på desse fagfelt og gjeve nyttig kunnskap for

Konkurransetilsynet. I seinare åra har finansieringa skjedd gjennom øyremarka midlar over budsjettet til Konkurransetilsynet.

I 2025 omfatta dei pågåande forskingsprosjekta ulike tema, mellom anna berekraft og konkurranse, digitale marknader og ex-post-analyse av eit fusjonsvedtak. Fleire forskingsprosjekt vart avslutta med gode resultat. Ei detaljert oversikt over forskingsprosjekta i 2025 er tilgjengeleg i vedlegg 1, medan ei fullstendig og oppdatert oversikt over alle forskingsprosjekt og artiklar finst på nettsida vår.

I 2025 vart det tildelt om lag to millionar kroner til tre prosjekt. Desse prosjekta skal mellom anna studere rettspraksis i konkurransesakar, fusjonskontroll i dynamiske marknader og konkurransen i marknaden for bustadlån.

For 2026 er Konkurransetilsynet tildelt 2,2 millionar kroner i forskningstilskot. Ved å støtte nye prosjekt ønskjer vi å fremje kunnskapsdeling mellom tilsynet og akademia. Vidare satsing på forskning og utgreiing bidreg til å styrkje kunnskapsgrunlaget for konkurransepolitikken og sikre effektiv handheving av konkurranselova.


4 Styring og kontroll i verksemda

4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Verksemdstyring

Strategiplan for 2022-2027 styrer korleis Konkurransetilsynet jobbar: kva vi prioriterer og kva retningar vi vel i denne perioden. Strategiplanen heng saman med føringane i tildelingsbrevet. Dette gir oss eit tydeleg rammeverk for prioriteringar og rapportering.

Når vi tek avgjerder om verksemdstyring, vurderer vi kva resultat vi ønskjer å oppnå. Dette inneber at vi kontinuerleg vurderer korleis vi brukar ressursane våre for å skape størst mogleg verdi for samfunnet. Vi justerer metodar og prioriteringar etter desse vurderingane.



Etatsstyringsdialog

Konkurransetilsynet har ein løpande og konstruktiv dialog med avdelinga for konkurransepolitikk, selskapsrett og næringsøkonomi i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Dialogen om effektane av arbeidet vårt står sentralt.

I 2025 var fokusområda våre, i tillegg til handheving av konkurranselova, særleg på daglegvare, digitalisering og berekraft. Vi rapporterer om oppnådde mål i samsvar med krava i tildelingsbrevet og departementets bestillingar. Det vart gjennomført to etatsstyringsmøte i 2025.

Internkontroll og etterleving

Strategi- og verksemdsplanen vår omfattar heile verksemda, og god internkontroll er ein føresetnad for å nå måla våre og sikre god styring. Vi vurderer at internkontrollen vår er tilstrekkeleg.

Eit system for sikkerheit og avvikshandtering bidreg til effektiv risikovurdering og førebyggjande tiltak. Regelmessig og formålstenleg intern rapportering om økonomi og ressursbruk, samt systematisering av prioriteringar og evalueringar, saman med vidareutvikling av styringskompetanse utgjer internkontrollen vår.

Internkontrollsystemet er dokumentert gjennom retningslinjer og kontrollprosessar, som dekker både saksbehandling og administrative prosessar. Vi arbeider kontinuerleg med å styrkje kompetanse og kultur innan informasjonstryggleik, etterleving av forvaltningslova, offentleglova og personvernreglar. Resultata frå klagesaker i Konkurranseskilagnemnda bruker vi til å vurdere om det er behov for tilpassingar.

4.2 Bemanning og organisasjon

I 2025 har vi arbeidd vidare med arbeidsmiljø, særleg yringsklima, kommunikasjon og samarbeid både i leiinga og i resten av verksemda. Vi legg opp til å gjennomføre ei medarbeidarkartlegging i 2026 (MUST) for å måle effekten av dette arbeidet. Vi gjennomførte kartlegginga første gongen i 2022, og resultata derfrå har vore grunnlaget for arbeidet med arbeidsmiljø dei siste åra.

Vi har delteke på konferansar, kurs og internasjonale møte, både digitalt og fysisk. Auka digitalisering har gjort det enklare å dele kunnskap og styrkje kompetansen vår.


Rekruttere og behalde

I 2025 tilsette Konkurransetilsynet tre nye medarbeidarar med kompetanse innan jus/leiing, digitalisering og IT. Turnover vart redusert frå 13,13 prosent til 3,06 prosent.

For å halde oss attraktive i ein konkurranseutsett arbeidsmarknad vil vi halde fram det strategiske arbeidet med å behalde, utvikle og tiltrekkje oss den kompetansen vi treng for å utføre samfunnsoppdraget vårt. Til dømes omfattar dette deltaking på karrieredagar, besøk av studentar og elevar, samt tilbod om traineeopphald.

Nøkkeltal 2025 (2024)

Median ansiennitet i 2025 var 7,6 år (6 år), medan gjennomsnittleg ansiennitet var 9,4 år (8,2 år). Dette indikerer at mange tilsette har fleire års erfaring i verksemda, samstundes som nokre med lang erfaring bidreg til høg samla erfaringskompetanse. Turnover låg på 3,06 prosent, ein klar reduksjon samanlikna med året før (13,13 prosent).



4.3 Inkludering, mangfald og likestilling

Konkurransetilsynet har plikt til å fremje likestilling og hindre diskriminering, og arbeider systematisk for å sikre eit inkluderande arbeidsmiljø og likeverdige tenester til heile befolkninga. Arbeidet med mangfald og inkludering er forankra i leiinga og i partssamarbeidet, og byggjer vidare på handlingsplanen «Mangfald, inkludering og likestilling» som vart etablert i 2024.

I 2025 har tilsynet arbeidd med å omsetje handlingsplanen til konkrete tiltak i rekruttering, personalpolitikk og arbeidsmiljøarbeid. Arbeidet blir følgt opp gjennom årlege vurderingar av tiltak, resultat og vidare behov, i tråd med aktivitets- og utgreiingsplikta etter likestillings- og diskrimineringslova.

Det vart ikkje tilsett personar i målgruppa for funksjonsnedsetjing eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring, som òg var tilfelle i 2024.

Arbeidsmiljøet blir følgt opp gjennom årlege medarbeidarsamtalar, faste møte med tillitsvalde, ulike kartleggingar, sluttsamtalar, vernerundar og partssamarbeid i arbeidsmiljøutval. I 2025 vart det gjennomført to arbeidsmiljødagar og ei helseveke, der yringsklima og psykologisk tryggleik var sentrale tema. Helseveka dreier seg spesielt rundt tema frå Verdsdagen for psykisk helse. Mangfald i perspektiv og meiningar blir sett på som ein viktig føresetnad for å løyse tilsynet sitt samfunnsoppdrag på ein god måte.

Andre inkluderande tiltak omfattar tilbod om influensavaksine, trening i arbeidstida og fleksibel bruk av heimekontor. Gravide får tilbod om samtale med jordmor og leiar på arbeidsplassen, slik at det kan leggjast til rette for at den gravide skal kunne stå lengst mogleg i arbeid gjennom svangerskapet. Konkurransetilsynet har høg aktivitet i både bedriftsidrettslaget og velferdskomiteen, som legg opp til eit variert utval av sosiale aktivitetar.

Tiltak for mangfald, inkludering og likestilling	Resultat	Vegen vidare
<p>Etablert handlingsplan for Mangfald, inkludering og likestilling 2024-2025.</p> <p>Bevisstgjerung av leiarar om mangfald gjennom leiarutviklingsprogram.</p> <p>Fokus på oppfølging, tilrettelegging, og restarbeidsevne for eigne tilsette.</p> <p>Fokus på alminneleggjering av heile spekteret av sjukdom.</p> <p>Arbeidsmiljø dagar om psykologisk trygging, kommunikasjon og problemløysing.</p> <p>Retningslinje for fjernarbeid og heimekontor.</p> <p>Styrkt seniorperspektivet i personalpolitikken: gjennom leiaropplæring og kvalitative intervju med tilsette over 55 år - behov, motivasjon og moglege tiltak er kartlagde for å støtte lengre yrkesdeltaking.</p> <p>Markering av Pride-månaden i juni.</p>	<p>Vektlegging av inkludering i intern kommunikasjon.</p> <p>Fleire tilsette med nedsett funksjonsevne, der arbeidsoppgåver og ansvar blir lagd til rette for den enkelte.</p>	<p>Auke verksemda si kunnskap innan inkludering, mangfald og likestilling gjennom ytterlegare forankring av handlingsplanen for Mangfald, inkludering og likestilling.</p> <p>Auke kjennskap til Statens arbeidsgjevarstrategi og leiarplakaten.</p> <p>Bruk av spesialkompetanse frå bedriftshelseteneste og andre ved opplæring og rådgjeving.</p> <p>Vidare bruk av heimekontor som ei fleksibel ordning.</p> <p>Kunnskapsoverføring frå andre verksemdar.</p> <p>Arbeid med ytringsklima, personalpolitikk og seinkarriere.</p>
<p>Utlysingstekster tilpassa for å tiltrekke søkerar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.</p> <p>Etablert samarbeid rundt rekruttering med NAV Bergen.</p> <p>Arbeidstakarar som ikkje har norsk som morsmål kan få tilbod om å delta på norskundervisning dekt av tilsynet.</p> <p>Fokus på vektlegging av inkludering og mangfald i jobbanalysen.</p> <p>Leiarar får tilbod om kurs i "Mangfaldsrekruttering".</p>	<p>Førebels for kort periode til å måle effekt. Dette er eit fleirårig arbeid.</p> <p>Endring i haldningar til rekruttering vil gje effektar over tid.</p> <p>Tilsette har fleire ulike nasjonalitetar.</p> <p>Kjønnsbalansen i leiargruppa i 2025 er i tråd med mål.</p>	<p>Vidare arbeid med kravspesifikasjonar i utlysingstekster som balanserer omsyn til mangfald og kvalifikasjonsprinsippet.</p> <p>Forankring av rekrutteringsarbeidet vidare i organisasjonen, både hos leiarar og tillitsvalde. Utforming av utlysingstekst er ein viktig del av dette arbeidet.</p> <p>HR med leiing skal sikre fokus på den beste praksisen til rekruttering med vekt på mangfald og inkludering, også for lærlingar.</p>
<p>Universelt utforma nettsider og lokale for besøkjande og tilsette.</p>	<p>Nettsida er utarbeidd i samsvar med krava som er sette til offentlege nettsider om</p>	<p>Digitaliseringsstrategien legg vekt på korleis digitale</p>

Etterleving av EØS-direktiv om inkluderande kommunikasjon.	universell utforming. Dei fleste krava som er oppfylte viser til oppsett og utforming av innhald.	hjelpemiddel kan bidra til inkludering.
Deltaking i statlege nettverk for erfaringsutveksling og kompetanseheving, i hovudsak gjennom digitale samlingar.	Deltaking i HR-nettverk i departementet, som gir verdifull erfaringsutveksling på relevante og aktuelle tema.	Bruke aktive nettverk til å forsterke og fornye eigen personalpolitikk. Fleire foredrag i nemnt nettverk.

Lærlingar

Hausten 2023 tilsette vi ein lærling i service- og administrasjonsfaget. Lærlingen avslutta lærekontrakten i 2024. Konkurransetilsynet er knytt til Opplæringskontoret OK stat og vil vurdere nye lærlingopptak framover.

Studentar

I 2025 deltok vi på to karrieredagar retta mot studentar. For å skape interesse rundt verksemda tok vi imot ein praktikant i ein månad, og ein i arbeidslivs praksis i om lag seks veker.

Likestilling og likeløn

I 2025 nådde vi òg målet vårt om at minst 30 prosent av toppleiinga skulle vere kvinner. Leiargruppe bestod då av 4 menn og 4 kvinner.

Lønnskilnadene mellom kjønn på alle stillingsnivå er omtrent dei same som i 2024. Utanom konkurransedirektøren tener no kvinner i leiargruppa 98 prosent av det menn tener, noko som er på nivå med 2024 (98,40 prosent). Skilnadene skuldast ulik tenestetid. Vi har derfor ikkje sett i verk spesielle tiltak, men følgjer utviklinga og vil vurdere tiltak ved behov.

	År	Menn i pst.	Kvinner i pst.	Totalt (N)	Lønnen til kvinner av menn
Totalt	2025	49	51	96	96 %
Direktørar (eks. konkurransedirektør)	2025	50	50	8	98 %
	2024	43	57	7	98,4 %
Spesialrådgjevar	2025	100	0	4	0 %
	2024	100	0	4	0 %
Seniorrådgjevarar	2025	50	50	62	102,8 %
	2024	48	52	62	103,4 %

Rådgjevarar	2025	33	67	18	102,1 %
	2024	33	67	18	104,8 %
Førstekonsulentar	2025	50	50	4	100 %
	2024	50	50	4	100 %

Sjukefråvær og kjønn

I Konkurransetilsynet har kvinner (51 prosent) eit høgare sjukefråvær på 6,49 prosent enn menn (49 prosent), som har 3,66 prosent sjukefråvær. Denne trenden ser vi òg nasjonalt. Det finst mange hypotesar om årsaker til denne generelle forskjellen, men ingen eintydig forklaring. Vi har fleire tiltak for å redusere sjukefråvær, inkludert eigne tiltak for gravide. Alle gravide arbeidstakarar får tilbod om trepartssamtale og jordmor for å sikre god oppfølging og tilrettelegging.

År	Tilsette	Deltid		Midlertidig tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
		% menn	% kvinner	% menn	% kvinner	% Permisjonsdagar menn	% Permisjonsdagar kvinner	% menn	% kvinner
2025	96	0	2	0,7	0	0,8	1,58	2,8	4,5
2024	99 ²⁰	0	1,9	0	0	1,5	1,9	4,6	2,5
2023	101	0	1,8	0	0	2,9	2,7	1,6	2,4


Konkurransetilsynet har som mål å tilsetje fast på heiltid. Samstundes legg vi til rette for delvis permisjon eller mellombels redusert stilling i samsvar med Arbeidsmiljølova og Hovudtariffavtalen dersom tilsette har behov for det.

Auka sjukefråvær²¹

Dei siste åra har vi hatt ein nedgang i sjukefråvær. Frå 2024 til 2025 ser vi eit brot i trenden, med ein auke på 1,6 prosent, slik at sjukefråværet i 2025 enda på 5,1 prosent. Vi følgjer med på utviklinga og vil setje inn naudsynte tiltak dersom sjukefråværet held fram med å auke.

²⁰ Talet for 2024 er korrigerert. Fire tilsette i permisjon per 31.12.2024 vart ikkje inkluderte i fjorårets rapport.

²¹ Tall er henta frå DFØ innsikt.



4.4 Bruk av konsulenttenester

Konkurransetilsynet har som mål å redusere konsulentbruken gjennom å styrkje intern kompetanse og i større grad nytte egne ressursar der dette er formålstenleg. Konsulenttenester vart nytta der det vart behov for spisskompetanse, særskild metodikk eller mellombels kapasitet som det ikkje er formålstenleg å byggje opp internt.

Den samla forbruket av konsulenttenester i 2025 var 4,6 mill. kr. Tilsynet hadde ingen kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen i 2025.

Auken samanlikna med 2024 kjem i hovudsak av ei særleg krevjande sak som kravde omfattande ekstern fagbistand, samt arbeidet med ny leigeavtale for kontorlokala i Bergen. I dette prosjektet vart Statsbygg nytta som rådgjevar og det vart og engasjert ekstern prosjektleiar med spesialisert kompetanse.

Vidare har tilsynet hatt ein avtale med ekstern rådgjevarverksemd for uavhengig bistand knytt til digitaliseringsarbeidet. Denne bistanden har vore retta mot strategisk og metodisk støtte, og har supplert det interne arbeidet utan å erstatte egne fagressursar.

I samband med planlegginga av ei ny versjon av konkurransetilsynet.no vart konsulentar nytta til å levere ei innsiktsanalyse om brukarbehov, informasjonsstruktur og forbetningsområde på nettsida. Leveransen dannar grunnlag for vidare utviklingsarbeid av nettsida.

Tiltak for å redusere konsulentbruken omfattar styrking av intern kapasitet innan digitalisering og kunnskapsoverføring frå eksterne leverandørar.

Type tenester	2023	2024 ²²	2025
Konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen	0	0	0
Totale konsulenttenester	2 743 491	1 082 487	4 639 180

4.5 Tryggleik og beredskap

Konkurransetilsynet skal innanfor sitt samfunnsoppdrag støtte næringslivet slik at dei kan levere varer og tenester samfunnet etterspør - også under kriser. Tilsynet si arbeid med digital tryggleik er risikobasert og integrert i verksemda sine fagområde og arbeidsprosessar. Ein viktig del av dette er å utvikle ein god sikkerheitskultur, der førebyggjande tiltak blir følgde opp og tilsette melder frå om både små og store avvik.

Som følgje av den alvorlege sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa har vi halde auka merksemd på digitale truslar og mistenkelege hendingar, og har låg terskel for å varsle departementet ved behov. Vi sikrar og dokumenterer tryggleiken etter Nasjonal strategi for digital sikkerheit med tilhøyrande tiltaksplan. I 2025 har vi gjennomført fleire tiltak for å styrkje den digitale motstandsevna. Det blei gjennomført to tryggingsøvingar for alle tilsette, og resultatane viste auka tryggingsbevisstheit samanlikna med 2024. Erfaringane frå øvingane er brukte i vidare opplæring og justering av interne rutinar, mellom anna krise- og beredskapsplanar.

Tilsynet har og delteke på relevante tryggingsfaglege arenaer, mellom anna NSM si sikkerheitskonferanse og IT-sikkerheitsdagen hos Netsecurity.

4.6 Miljø, berekraft og grøn omstilling

Konkurransetilsynet arbeider systematisk og heilskapleg for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk innanfor ramma av verksemda sitt samfunnsoppdrag og med vekt på kostnadseffektivitet. Dei viktigaste kjeldene til klimagassutslepp er knytt til reiser, energibruk i eigne lokale, medan naturpåverknad i hovudsak skjer indirekte gjennom innkjøp, ressursbruk og avfall. Tilsynet er ein kontorbasert verksemd, og den direkte påverknaden på klima og natur er avgrensa. Nettsida konkurransetilsynet.no er miljøklassifisert med karakter B. Lokala våre er BREEAM-sertifiserte og har omfattande kjeldesortering av avfall. Det er installert solcelleanlegg i bygget for å redusere straumforbruket, og i 2025 var den samla produksjonen 49 300 kWh. Tilsynet sin del av den samla produksjon var 12 325 kWh

²² Etter overgangen til SRS blir periodiserte tal brukt frå og med 2024 i oppstillinga.

Lokala har god tilgang på sykkelparkering og legg til rette for miljøvennleg transport til og frå arbeidsplassen. Kantinetenestene i bygget rapporterer systematisk på matsvinn.

På området for offentlege anskaffingar er Konkurransetilsynet ein relativt liten aktør. Vi deltek i alle avtalar inngått av Statens innkjøpssenter, der det blir lagt vekt på å redusere miljøpåverknaden. Desse avtalene er mellom anna knytt til reisebyrå, forbruksmateriell og ombruk og gjenvinning av IKT-utstyr. I konkurransar vi gjennomfører sjølv, inkluderer vi miljø- og berekraftskrav der det er relevant for konkurransen. Over 90 prosent av innkjøpa våre er miljømerka produkt. I 2025 har talet på innanlands- og utanlandsreiser gått ned. Dette har bidrege til redusert klimapåverknad.

Klimaendringar og overgangen til eit lågutsleppsamfunn påverkar verksemda indirekte, mellom anna gjennom endra rammevilkår for reiser, leverandørar, energikostnader og digital infrastruktur. Tilsynet følgjer utviklinga og vurderer løpande om behov for tilpassingar i eigen drift.

Tilsynet har som mål å vidareføre reduksjon i klimagassutslepp, særleg knytt til reiser og energibruk. Digitale plattformer blir nytta for møter og samhandling for å redusere talet på reiser. Saman med huseigar ønskjer vi og å ha fokus på kjeldesortering.

5 Vurdering av framtidsutsikter

Ved årsskiftet 2025/26 fekk Konkurransetilsynet ny konkurransedirektør. Med ny leiing vidarefører tilsynet det viktige arbeidet med å vareta forventningane om aktiv handheving av konkurranselova i alle marknader, men med særleg fokus på konkurransen i den digitale økonomien, konkurranse som verkemiddel for berekraftige løysningar og konkurransen i daglegvaremarknaden. Vi vil aktivt bruke dei verktøy som vi har i konkurranselova for å fjerne hindringar for konkurranse. Det er grunn til å tro at handhevinga fører til milliardgevinstar for forbrukarane, og kan bidra til økonomisk vekst, økt sysselsetting og styrka produktivitet.

Stortinget har nyleg vedteke endringar i konkurranselova som gir Konkurransetilsynet heimel til å gjennomføra såkalla marknadsetterforskingar, og til å gripe inn mot tilhøve i marknaden som gjer at konkurransen er eller står i fare for å bli vesentleg avgrensa. Ein marknadsetterforsking kan vere inngripande for partane, og vi må gjere grundige førebuingar før vi tar det i bruk. Målet er at når vi først startar ei undersøking, skal den vere godt grunngjeve og gjennomførast på ein måte som faktisk vil gje betre konkurranse, samstundes som prosessen er effektiv og tek vare på rettstryggleiken til dei partane som blir involverte. No arbeider vi med å finne eigne marknader der verktøyet kan gje stor gevinst for forbrukarane. Det er sannsynleg at vi vil ta initiativ til å setje i gang marknadsetterforsking i 2026.

Ved årsskiftet vart det også vedteke å leggje ned Daglegvaretilsynet og overføre ansvaret for å handheve lov om god handelsskikk til Konkurransetilsynet. Tilsynet vil arbeide for at nye medarbeidarar blir godt tekne imot og integrerte i organisasjonen. Samstundes må tilsynet posisjonere seg slik at forventningane frå styresmaktene, næringslivet og forbrukarar blir ivaretatt på beste vis. I dette arbeidet vil tilsynet byggje på både Daglegvaretilsynets erfaringar over dei siste årene og på erfaringar frå handhevinga av EU-direktivet for urimeleg handelspraksis (UTP) i nabolanda våre.

Med dagens globale usikkerheit blir det endå viktigare enn før for Konkurransetilsynet å arbeide for å styrkje våre internasjonale samarbeid. For tilsynet betyr dette blant anna tettare samhandling med EU og andre nasjonale konkurransestyresmakter. Dei nordiske styresmaktene er godt integrerte i eit institusjonelt og operativt samarbeid. Framover blir det ekstra viktig å styrkje integrasjonen mot andre konkurransestyresmakter i EU.

Med dagens verdsbilde får strategisk viktige sektorar meir merksemd, og behovet for robuste forsyningskjeder står sentralt. Velfungerande konkurranse er ofte ein føresetnad i denne samanheng. OECD har oppdatert si tilråding for fusjonskontroll, og EU jobbar med å oppdatere retningslinjene sine. Vi følgjer dette arbeidet nøye, og vil leggje vekt på desse signala i vår eigen fusjonskontroll.

Her heime vil fusjonskontrollen fortsette å vere Konkurransetilsynets førstelinjeforsvar. Ved å føre effektivt tilsyn med fusjonar hindrar vi at konsentrerte marknader oppstår, noko som kan redusere behovet for ressurskrevjande etterforsking av aktørar og marknader. Ein slik tilnærming er derfor effektiv, både for bedrifter, forbrukarar og oss som konkurransemyndigheit.

Konkurransen i digitale marknader har vore i Konkurransetilsynets søkelys over tid. I 2025 starta vi etterforsking i ein digital plattformmarknad, ei sak som framleis går føre seg. Samtidig ser vi at nærast alle type marknader har eit digitalt preg. I tida framover vil digitale problemstillingar derfor fortsette å vere aktuelle. Vi jobbar vidare for å forstå korleis digitaliseringa påverkar dei økonomiske- og rettslege vurderingane i konkurransesaker. For tilsynet blir det også viktig å byggje meir kompetanse, ta i bruk nye metodar for å avdekke ulovlege samarbeid og utnytte moglegheitene kunstig intelligens gir. I denne konteksten er også internasjonalt samarbeid avgjerande, mellom anna knytt til arbeidet rundt digital lovgiving (DMA).

Den grønne omstillinga er ei viktig utfordring for samfunnet. Grøn omstilling er ikkje ein trussel for næringslivet, men tvert imot ein føresetnad for at verksemdar skal oppretthalde og styrkje sin konkurranseevne i framtida. Velfungerande konkurranse støttar opp under det grønne skiftet. Samarbeid om berekraftige løysningar kan ha både positive og negative verkingar for konkurransen. Det er næringslivets ansvar å halde seg innanfor konkurranselova, men for tilsynet er det også viktig å vere på plass med god rettleiing om når bærekraftsamarbeid kan vere positive for konkurransen, og når ein kan stå ovanfor samarbeid som tilsynelatande er motivert ut frå *grønne* målsetjingar, men som i realiteten avgrensar konkurransen til skade for forbrukarane.

I desember 2025 vart det presentert ei offentleg utgreiing (NOU 2025:11) med forslag til endringar i konkurranselova. Utvalet har gjort eit grundig arbeid og leverer ei rekkje forslag til å betre konkurranselova, raskare og betre handheving, og bringe lova meir i samsvar med den konkurransepolitiske utviklinga i EU/EØS. Konkurransetilsynet vil vurdere alle forslag frå utvalet nøye, og levere synspunkta sine på føreslegne tiltak i ei eiga høyringsfråsegn innan fristen 27. mars 2026.

Samla sett vurderer Konkurransetilsynet si evne til å nå fastsette mål og levere forventa resultat på lengre sikt som i hovudsak god. Samstundes ser tilsynet at nye handhevingsoppgåver og inngrepsheimlar saman med fleire, viktige utredningsoppgåver og ein klar tendens til at tilsynet blir utfordra rettsleg gjennom klagar og søksmål i alle delar av saksbehandlinga, krev stadig fleire ressursar. Dette er ressursar som tilsynet per i dag ikkje har. Ambisjonane i satsinga på det digitale området må også avgrensast av tilgjengeleg ressursar. Tilsynet kan ikkje sjå andre forhold som kan hindre eller avgrense vår evne til å løyse samfunnsoppdraget på ein tilfredsstillande måte.

6 Årsrekneskap

6.1 Kommentar frå leiinga

Stadfesting

Årsrekneskapen er i samsvar med "bestemmelser om økonomistyring i staten", rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå NFD i instruks for økonomistyring. Rekneskapen gir eit dekkande bilete av Konkurransetilsynets disponible tildeling, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

Konkurransetilsynet har i 2025 disponert tildelingar på kap. 911 post 01 tilsvarande 147,737 MNOK. I tildelinga er det inkludert overført bevilling frå 2024 på 2,684 MNOK. I tillegg har tilsynet disponert ei samla tildeling for 2024 på 5,496 MNOK. på kap. 911, post 70 til konkurransefagleg forskning. I tildelinga er det inkludert overført bevilling frå 2024 på 3,296 MNOK.

Tilsynet har i 2025 lyst ut og tildelt 1,971 MNOK i tilskotsmidlar til konkurransefagleg forskning for 2025-2027.

Rapporterte utgifter til drift og investeringar for Konkurransetilsynet summerte seg til 145,948 MNOK, der utbetalingar til lønn og sosiale utgifter utgjer 109,137 MNOK. Tilsynet har hatt 86,4 utførte årsverk i 2025 som er ein liten nedgang frå 87,4 utførte årsverk i 2024.

Konkurransetilsynet vil søke om overføring av ubrukt tildeling på post 01 på 0,360 MNOK frå 2025 til 2026. I tillegg søker tilsynet om overføring av ubrukt tildeling på post 70 – Konkurransefagleg forskning på 4,147 MNOK frå 2025 til 2026.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekreftar årsrekneskapen for Konkurransetilsynet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil vere ferdig innan 1. mai 2026.

Bergen, 16. mars 2026



Mads Magnussen, *konkurransedirektør*

6.2 Prinsippnote

Årsrekneskap for statlege verksemder er utarbeidd og lagt fram etter nærare retningslinjer fastsette i *Bestemmelser om økonomistyring i staten* (“føresegnene”). Årsrekneskapen er i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av november 2025 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement. Oppstillinga av løyingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyings- og artskontorrapporteringa er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja “Netto rapportert til løyingsrekneskapen” er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ei trekkrett på sin konsernkonto. Ved årsskiftet blir saldoen på den enkelte oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyingsrapporteringa

Oppstillinga av løyingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Ho er sett opp etter dei kapitla og postane i løyingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til rådvelde i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste eit anna kapittel/post (belastingsfullmakter) er ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtala i note B til løyingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottatte belastingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Gjevne belastingsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen av verksemda sjølv. Dei blir bokførte og rapporterte av verksemda som har mottatt belastingsfullmakta og er derfor ikkje synlege i kolonnen for rekneskap. Dei gjevne fullmaktene kjem fram i note B til løyingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa.

Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ei trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen og blir derfor ikkje viste som inntekt i artskontorapporteringa.

Statlege Rekneskapsstandardar (SRS)

I 2024 endra Konkurransetilsynet rekneskapsprinsipp frå kontantprinsippet til SRS. 2024 var første år med rapportering etter SRS. I arbeidet med overgangen til SRS vart det gjort vurderingar av ei rekke prinsipp. Tilsynet har valt å presentere tilskotsforvaltning knytt til konkurransefagleg forskning etter kontantprinsippet, jf. SRS 10 pkt. 31 a. Vidare er innkrevjingsverksemd presentert etter kontantprinsippet, jf. SRS 10 pkt. 27 a. Tilsynets leigeavtale for lokale i Zander Kaaes gate 7, Bergen, er vurdert som operasjonell og er ikkje balanseført, jf. SRS 13, pkt. 7 og 15

Oppstilling av løvingsrapportering 31.12.2025

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling for 2025*	Rekneskap per 31.12.2025	Meirutgift (-) og mindreutgift	Avvik frå tildeling
0911	Konkurransetilsynet	01	Driftsutgifter		147 737 000	145 947 888	1 789 112	
0911	Konkurransetilsynet	70	Tilskudd til konkurransefagleg forskning		5 496 000	1 349 254	4 146 746	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten		0	3 978 159		
<i>Sum utgiftsført</i>					<i>153 233 000</i>	<i>151 275 301</i>		

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling for 2025*	Rekneskap per 31.12.2025	Meirinntekt og mindreinntekt(-)	Avvik frå tildeling
3911	Konkurransetilsynet	03	Refusjonar og andre inntekter, Konkurransetilsynet		167 000	168 000	1 000	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter - ymse		0	162 191		
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift		0	13 397 331		
<i>Sum inntektsført</i>					<i>167 000</i>	<i>13 727 522</i>		

Netto rapportert til løvingsrekneskapen

137 547 779

Kapitalkontoer

60046801	Norges Bank KK /innbetalinger					2 213 898		
60046802	Norges Bank KK/utbetalinger					-140 065 626		
715810	Endring i mellomværende med statskassen					303 949		
<i>Sum rapportert</i>						<i>0</i>		

Behaldning rapportert til kapitalrekneskapen

		31.12.2025	31.12.2024	Endring
715810	Mellomværende med statskassen	-6 396 694	-6 700 644	303 949

* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle gjevne belastningsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år for nærare forklaring.

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
91 101	2 618 000	145 119 000	147 737 000
91 170	3 296 000	2 200 000	5 496 000

Overført løyve frå 2024 inkluderer eit innsparingskrav for meirforbruk i 2024 på kr 66 000.

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Meirutgift(-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mogleg overførbart beløp utrekna av verksemda **
91 101		1 789 112	-1 428 474	360 638	360 638	7 255 950	360 638
91 170	"kan overføres"	4 146 746		4 146 746	4 146 746	4 433 000	4 146 746

Stikkordet «kan overførast»

Forskningsmidlar kapittel 0911 post 70 kan overføre summen av dei siste to års løyvingar, jf. rundskriv R-2. Mogleg overførbart beløp er kr 4 146 746.

Gjevne belastningsfullmakter

Nærings- og fiskeridepartementet har utgiftsført kroner 1 428 474 på Konkurransetilsynets kapittel 0911 post 01 i samsvar med gjevne belastningsfullmakter.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

Refusjonar av løn på totalt kr 1 763 089 er nettoførte i driftsutgiftene.

Mogleg overførbart beløp

Kapittel 0911 post 01: kr 360 638

Kapittel 0911 post 70: kr 4 146 746

Note C Oversikt over binding på framtidige års bevilgning

Avtaler om leie av kontorlokaler				
Gjenstående varighet per 31.12.	Årleg leiebeløp	Av neste års bevilgning	Av seinare års bevilgning	Samlet binding på framtidige års bevilgning
Varighet inntil 1 år				0
Varighet 1-5 år	15 030 178	8,93 %		0
Varighet over 5 år				0
Totalt	15 030 178	0	0	0

Vesentlige avtaler om kjøp av tenester				
Gjenstående varighet per 31.12.	Årleg beløp	Av neste års bevilgning	Av seinare års bevilgning	Samlet binding på framtidige års bevilgning
Varighet inntil 1 år	1 393 000	0,92 %		0
Varighet 1-5 år				0
Varighet over 5 år				0
Totalt	1 393 000	0	0	0

Konkurransetilsynet har ein tiårig avtale for leige av kontorlokale som går ut i mai 2026. Denne leigeavtalen er forlenga til mai 2027, i samråd med overordna departement. Frå mai 2026 er kvadratmeter og leige redusert med kroner 1 508 739.

Vesentlige avtalar om kjøp av tenester består av ein avtale som gjeld kjøp av tenester til IKT. Denne avtalen går ut i 2026.

Oppstilling av artskontorrapportering 31.12.2025

	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen		
Sals- og leieinnbetalinger	168 000	115 500
Andre innbetalinger	-	500
<i>Sum innbetalinger frå drift</i>	168 000	116 000
Driftsutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen		
Utbetalinger til lønn	109 443 987	108 473 577
Andre utbetalinger til drift	35 869 743	31 888 248
<i>Sum utbetalinger til drift</i>	145 313 730	140 361 825
Netto rapporterte driftsutgifter	145 145 730	140 245 825
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Innbetaling av finansinntekter	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	604 295	0
Utbetaling av finansutgifter	29 863	12 580
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	634 158	12 580
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	634 158	12 580
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten		
<i>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten</i>	-	-
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Utbetalinger av tilskot og stønader	1 349 254	2 512 847
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>	1 349 254	2 512 847
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	162 191	159 701
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	13 397 331	13 698 228
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	3 978 159	3 035 930
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>	-9 581 363	-10 821 999
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	137 547 779	131 949 253
Oversikt over mellomværende med statskassen	31.12.2025	31.12.2024
Eigendelar og gjeld		
Fordringar på ansatte	577 493	544 831
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-4 238 236	-3 457 615
Skyldige offentlege avgifter	-90 804	-72 580
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-2 656 581	-3 708 550
Lønn (negativ netto, for mye utbetalt lønn m.m.)	11 433	-6 730
<i>Sum mellomverande med statskassen</i>	-6 396 694	-6 700 644

* Pensjonstrekket i de ansattes lønn (2%) på konto 263 inngår også på denne linjen.

Resultatrekneskap

	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt frå bevilgning	1	145 638 313	141 184 342
Sals- og leigeinntekter	1	168 000	115 500
Andre driftsinntekter	1	0	500
<i>Sum driftsinntekter</i>		<i>145 806 313</i>	<i>141 300 342</i>
Driftskostnader			
Lønnskostnader	2	109 188 986	109 902 509
Avskrivningar på varige driftsmidlar og immaterielle eigendelar	3,4	1 040 912	1 324 785
Andre driftskostnader	5	35 546 551	30 060 506
<i>Sum driftskostnader</i>		<i>145 776 450</i>	<i>141 287 799</i>
Driftsresultat		29 863	12 543
Finansinntekter og finanskostnader			
Finanskostnader	6	29 863	12 543
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		<i>-29 863</i>	<i>-12 543</i>
Resultat av periodens aktivitetar		0	0
Avrekning og disponeringar			
<i>Sum avrekning og disponeringar</i>	7	<i>0</i>	<i>0</i>
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten			
<i>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten</i>	8	<i>0</i>	<i>0</i>
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Tilskot til andre	9	1 349 254	2 512 847
Avrekning med statskassen tilskotsforvaltning		1 349 254	2 512 847
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		<i>0</i>	<i>0</i>

Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIGA			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eigendelar			
Programvare og lignande rettigheter	3	340 013	503 219
<i>Sum immaterielle eigendelar</i>		340 013	503 219
II Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignande	4	1 408 846	1 682 258
<i>Sum varige driftsmidler</i>		1 408 846	1 682 258
III Finansielle anleggsmidler			
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		0	0
Sum anleggsmidler		1 748 858	2 185 476
B. Omlaupsmidler			
I Behaldning av varer og driftsmateriell			
<i>Sum behaldning av varer og driftsmateriell</i>		0	0
II Fordringar			
Kundefordringar	10	20 939	5 375
Andre fordringar	11	3 966 476	3 358 705
<i>Sum fordringar</i>		3 987 415	3 364 080
III Bankinnskot, kontantar og lignande			
<i>Sum bankinnskot, kontantar og lignande</i>		0	0
Sum omlaupsmidler		3 987 415	3 364 080
Sum eiga drift		5 736 273	5 549 556
IV Fordringar knytta til innkrevingsverksemd og andre overføringar			
<i>Sum fordringar verd. innkrevingsverksemd og andre overføringar</i>	8	0	0
Sum eiga		5 736 273	5 549 556

Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
STATENS KAPITAL OG GJELD			
C. Statens kapital			
I Virksomhetskaper			
Sum virksomhetskaper		0	0
II Avrekninger			
Avrekna med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	-18 554 560	-19 002 347
Sum avrekninger		-18 554 560	-19 002 347
Sum statens kapital		-18 554 560	-19 002 347
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelsar			
Sum avsetningar for langsiktige forpliktelsar		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
Sum anna langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3 251 956	4 420 700
Skyldig skattetrekk		4 238 236	3 457 615
Skyldige offentlege avgifter		2 052 091	2 063 835
Avsette feriepengar		9 605 794	8 593 237
Anna kortsiktig gjeld	12	5 142 757	6 016 517
Sum kortsiktig gjeld		24 290 834	24 551 903
Sum gjeld		24 290 834	24 551 903
Sum statens kapital og gjeld drift		5 736 273	5 549 556
IV Gjeld Vedrørande tilskotsforvaltning og andre overføringer			
Sum gjeld Vedrørande tilskotsforvaltning og andre overføringer	9	0	0
Sum statens kapital og gjeld		5 736 273	5 549 556

Note 1 Driftsinntekter

	31.12.2025	31.12.2024
Inntekt frå bevilgning*		
Inntekt frå bevilgning	145 638 313	141 184 342
Sum inntekt fra bevilgninger	145 638 313	141 184 342
<p>*Etter dei statlege rekneskapsstandardane reknast inntekt frå bevilgning for bruttobudsjetterte verksemdar som differansen mellom periodens kostnader og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av periodens aktivitetar vert null. For informasjon om mottatte bevilgingar se oppstilling av løyvningsrapportering.</p>		
Inntekt frå tilskot og overføringar		
Sum inntekt frå tilskot og overføringar	0	0
Inntekt frå gebyr		
Sum inntekt frå gebyr	0	0
Sals- og leieinntekter		
Salsinntekt, unntatt avgiftsplikt	168 000	115 500
Sum sals- og leieinntekter	168 000	115 500
Andre driftsinntekter		
Gevinst ved sal av anleggsmidlar	0	500
Sum andre driftsinntekter	0	500
Sum driftsinntekter	145 806 313	141 300 342

Note 2 Lønnskostnader, årsverk og andre ytelser

	31.12.2025	31.12.2024
Lønn	79 289 222	77 142 047
Feriepenger	9 680 297	8 982 262
Arbeidsgivaravgift	13 367 363	13 864 076
Pensjonskostnader*	7 145 195	9 741 402
Sjukepenger og andre refusjonar (-)	-2 093 908	-1 455 836
Andre ytelser	1 800 818	1 628 557
Sum lønnskostnader	109 188 986	109 902 509

Antall utførte årsverk hittil i år: **86** **87**

Lønn og andre ytelser til leiar av verksemda

Tina Søreide	311 009	1 530 000
Gjermund Nese	1 161 019	0
Karin Stakkestad Laastad	219 527	0

* Premiesatsen for arbeidsgiverandelen var i 2025 8,1 prosent (arbeidsgiverandel av pensjonspremie på artskonto 542/pensjonsgrunlaget i 2025 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2024 var premiesatsen 12,4 prosent. Den store avviket i premiesats mellom 2024 og 2025 skyldes at lønnsoppgjøret for 2024 først vart utbetalt og innrapportert til Statens Pensjonskasse i 2025. I 2024 vart det fakturert for høg pensjonspremie, som igjen vart kreditert i 2025.

Negativ bekreftelse

Det er ikke inngått vesentlige avtaler som kan innebære fremtidige utbetalinger ved opphør eller endring av arbeidsforholdet eller andre særskilte avtaler med virksomhetsleder eller leder av styret.

Note 3 Immaterielle eiendeler

	Programvare og lignande rettigheter	Immaterielle eiendelar under arbid	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	816 030	0	816 030
Tilgang i året	0	0	0
Avgang anskaffelseskost i året (-)	0	0	0
Frå immaterielle eiendelar under arbeid til anna gruppe i året	0	0	0
Anskaffelseskost	816 030	0	816 030
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.	0	0	0
Nedskrivningar i året	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.	312 812	0	312 812
Ordinære avskrivningar i året	163 206	0	163 206
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0	0
Balansført verdi 31.12.2025	340 013	0	340 013

Avskrivningssatser (levetider) 5 år / lineært Ingen avskrivning

Avhendelse av immaterielle eiendelar i 2025:

Salssum ved avgang anleggsmidlar	0	0	0
- Bokført verdi avhendede anleggsmidlar	0	0	0
Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0

Note 4 Varige driftsmidlar

	Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	7 058 500	7 058 500
Tilgang i året	604 295	604 295
Avgang anskaffelseskost i året (-)	0	0
Frå anlegg under arbeid til anna gruppe i året	0	0
Anskaffelseskost	7 662 795	7 662 795
Akkumulerte nedskrivningar 01.01	0	0
Nedskrivningar i året	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.	5 376 242	5 376 242
Ordinære avskrivningar i året	877 706	877 706
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0
Balansført verdi 31.12.2025	1 408 846	1 408 846

Avskrivningssatser (levetider)	Ingen avskrivning	10-60 år dekomponert		3-15 år lineært	3-15 år lineært	Ingen avskrivning	Virksomhets- spesifikt
		lineært					
Avhendelse av varige driftsmidler i 2024:							
Salgssum ved avgang anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0
- Bokført verdi avhendede anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0
= Regnskapsmessig gevinst/tap	0	0	0	0	0	0	0

Note 5 Andre driftskostnader

	31.12.2025	31.12.2024
Husleige	15 030 178	14 594 911
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokale	44 035	72 337
Andre kostnader til drift av eiendom og lokale	3 190 155	2 508 613
Leie maskiner, inventar og lignande	5 980 523	5 701 923
Mindre utstyrsanskaffelse	1 934	95 440
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	78 396	82 427
Kjøp av konsulenttenester	2 440 397	1 082 487
Kjøp av andre framande tenester	3 978 006	643 034
Reiser og diett	2 126 732	2 519 825
Tap og lignande	0	0
Øvrige driftskostnader	2 676 196	2 759 509
Sum andre driftskostnader	35 546 551	30 060 506

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leieavtaler

Gjenværende varighet	Type egedel		
	Tomter, bygningar og anna fast eiendom	Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignande	Sum
Varighet inntil 1 år			0
Varighet 1-5 år	15 030 178	83251	15 113 429
Varighet over 5 år			0
Kostnadsført leiebetaling for perioden	15 030 178	83 251	15 113 429

Konkurransetilsynet har husleigeavtale med varighet på 1 år og 5 måneder på rapporteringstidspunktet. Årleg husleiekostnad er 15,030 MNOK. Husleigeavtalen var opprinnelig på 10 år og går ut i mai 2026. Denne avtalen er forlenga til mai 2027 i samråd med overordna departement. Frå mai 2026 er areal og pris redusert med 1,5 MNOK.

Konkurransetilsynet leier kaffemaskiner med varighet på 1 år og 10 mnd på rapporteringstidspunktet. Årleg leiekostnad er 31 620 kroner.

Konkurransetilsynet leier makuleringsmaskiner med varighet på 4 år på rapporteringstidspunktet.

Note 6 Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2025	31.12.2024
Finansinntekter		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst (agio)	0	0
Utbytte frå selskap	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum finansinntekter	0	0
Finanskostnader		
Rentekostnad	29 863	12 543
Nedskrivning av aksjar	0	0
Valutatap (disagio)	0	0
Anna finanskostnad	0	0
Sum finanskostnader	29 863	12 543

Note 7 Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomverande med statskassa (bruttobudsjetterte verksemdar)

A) Forklaring til at periodens resultat ikkje er lik endring i avrekna med statskassa i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2025	31.12.2024	Endring*
Avrekna med statskassa i balansen	-18 554 560	-19 002 347	447 787

Bakgrunnen for at periodens resultat ikkje er lik endring i avrekna med statskassa i balansen for bruttobudsjetterte verksemdar, er at konsernkontoane i Norges Bank inngår som ein del av avrekna med statskassen i balansen. I tillegg vert det tatt hensyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytta til verksemda si drift og transaksjonar som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Under vises dei ulike postane som er grunnen til at endring i avrekna med statskassen i balansen ikkje er lik periodens resultat.

Endring i avrekna med statskassa

<i>Konsernkontoar i Norges Bank</i>		
Konsernkonto utbetaling		-140 065 626
Konsernkonto innbetaling		2 213 898
<i>Netto trekk konsernkonto</i>		-137 851 728
<i>Innbetalningar og utbetalningar som ikkje inngår i verksemda si drift (er gjennomstrømningspostar)</i>		
- Innbetaling innkrevingsverksemd og andre overføringar		0
+ Utbetaling tilskotsforvaltning og andre overføringar		1 349 254
<i>Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassa</i>		
+ Inntektsført frå bevilgning (underkontor 1991)		145 638 313
- Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkontor 1985 og 1986)		-13 559 522
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkontor 1987)		3 975 896
<i>Andre avstemmingsposter</i>		
Spesifikasjon av andre avstemmingsposter		0
<i>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</i>		-447 787
Resultat av periodens aktivitetar før avrekning mot statskassa		0
Sum endring i avrekna med statskassa *		-447 787

Note 7 Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomverande med statskassen (bruttobudsjetterte verksemder)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassen og mellomverande med statskassen

	31.12.2025 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	31.12.2025 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomverande med statskassen	Forskjell
Immaterielle egedelar og varige driftsmidlar			
Immaterielle egedelar	340 013	0	340 013
Varige driftsmidlar	1 408 846	0	1 408 846
<i>Sum</i>	1 748 858	0	1 748 858
Finansielle anleggsmidlar			
<i>Sum</i>	0	0	0
Omlaupsmidlar			
Kundefordringar	20 939	0	20 939
Andre fordringar	3 966 476	577 493	3 388 982
<i>Sum</i>	3 987 415	577 493	3 409 922
Langsiktige forpliktelsar og gjeld			
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-3 251 956	0	-3 251 956
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-4 238 236	-4 553 555	315 319
Skyldige offentlege avgifter	-2 052 091	-90 804	-1 961 288
Avsette feriepengar	-9 605 794	0	-9 605 794
Anna gjeld til ansatte	-4 695 915	0	-4 695 915
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivarandel	0	-2 341 262	2 341 262
Anna kortsiktig gjeld	-446 841	11 433	-458 274
<i>Sum</i>	-24 290 834	-6 974 188	-17 316 646
Sum	-18 554 560	-6 396 694	-12 157 866

Mellomverande med statskassen består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsregnskapet (S-rapport). Avrekna med statskassen viser finansieringa av verksemda si netto egedelar og gjeld.

Note 8 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2025	31.12.2024
Overføring frå andre statlege regnskaper	0	0
Overføring frå kommune/fylkeskommunes forvaltningsbudsjett	0	0
Skattar og avgifter, renteinntekter og utbytte m.m.	0	0
Sum avgifter og gebyr direkte til statskassen	0	0

Note 9 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2025	31.12.2024
Utbetaling av tilskot til andre	1 349 254	2 512 847
Overføring til fond, forvaltningsorgan og andre statlege regnskaper	0	0
Annet	0	0
Sum tilskot til andre	1 349 254	2 512 847

Note 9: Konkurransetilsynet presenterer tilskuddsforvaltning knytta til konkurransefaglig forskning etter kontantprinsippet, jf. SRS 10 pkt. 31.

Note 10 Kundefordringer

	31.12.2025	31.12.2024
Kundefordringar til pålydande	20 939	5 375
Avsett til forventta tap (-)	0	0
Sum kundefordringar	20 939	5 375

Note 11 Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2025	31.12.2024
Forskotsbetalt lønn	0	170 000
Personallån	577 493	374 831
Forskotsbetalte leie	1 237 091	1 343 949
Andre forskotsbetalte kostnader	1 744 756	1 393 608
Andre fordringar	407 136	76 317
Sum andre kortsiktige fordringar	3 966 476	3 358 705

Note 11: Det er ved en feil bokført personallån på konto for forskuddsbetalt lønn i 2024.

Note 12 Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2025	31.12.2024
Skyldig lønn	-11 433	6 730
Anna gjeld til ansatte	4 695 915	5 628 985
Avsetning for lønnsoppgjer*	0	0
Påløpte kostnader	412 290	380 802
Avstemningsdifferanser ved rapportering til statsregnskapet	0	0
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivarandel	0	0
Anna kortsiktig gjeld	45 984	0
Sum anna kortsiktig gjeld	5 142 757	6 016 517

* På bakgrunn av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdigstilt før i slutten av november 2024, fekk ikkje verksemda utbetalt resultatet av lønnsoppgjeret i 2024. Verksemda gjorde derfor et estimat for lønnsavsetning for det sentrale lønnsoppgjeret (lokale og eventuelt sentrale tillegg) pr. 31.12.24. Avsetninga inkluderte også verksemda si eige bidrag til lønnsforhandlingar utover det som ble framforhandla sentralt.

Vedlegg 1 – rapportering frå forskingsprosjekt

2025 vart det lyst ut forskingsmidlar på om lag 2 millionar kroner. Nedanfor følgjer ei oversikt over prosjekta som har vore aktive i 2025. Ei fullstendig og oppdatert oversikt over tildelingar til prosjekt og tilhøyrande publikasjonar er tilgjengeleg på [nettsida vår](#).

Nye prosjekt i 2025

Anders Ryssdal ble tildelt 265 000 kroner til prosjektet *En analyse av Høyesteretts dommer i konkurransesaker*. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein forskingsartikkel på norsk og ein kortversjon av artikkelen for publikasjon internasjonalt.

Samfunns- og næringslivsforskning AS ble tildelt 1 225 752 kroner til prosjektet *Merger Control in Dynamic Markets*. Prosjektet leiast av professor Lars Sørgard ved Norges Handelshøyskole og BECCLE. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to forskingsartiklar for internasjonale tidsskrift og ein policyartikkel for eit norsk tidsskrift.

Menon Economics ble tildelt 480 000 kroner til prosjektet *Lokal konkurranse og forbrukeratferd i boliglånsmarkedet*. Prosjektet leiast av senior manager Katrine Holm Reiso. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein forskingsartikkel og ein kronikk.

Pågåande prosjekt i 2025

Oslo Economics ble tildelt midlar på totalt 750 000 kroner, til prosjektet *Ex-post analysis of the Telia/Phonero merger in the Norwegian market for mobile telecommunications*. Prosjektet leiast av partner Elias Braunfels ved Oslo Economics. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein akademisk artikkel eigna for publisering i internasjonale tidsskrift.

Oslo Economics ble tildelt midlar på totalt 500 000 kroner til prosjektet *Samarbeid om grønne utviklingsprosjekter – mulige effekter og gevinster*. Prosjektet leiast av senior manager Eileen Fumagalli ved Oslo Economics. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein forskingsartikkel og ein kronikk.

Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF) ble tildelt midlar på totalt 1 150 000 kroner til prosjektet *Animal Welfare Regulations – potential consumer surplus and market structure impacts*. Prosjektet leiast av seniorforskar Margrethe Aanensen ved SNF. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to forskingsartiklar, ei masteroppgåve, bidrag til politikkdebatten og ein workshop.

Avslutta prosjekt i 2025

Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF) ble tildelt midlar på totalt 1 200 000 kroner til prosjektet *Substitution and ownership in the Norwegian newspaper market*. Prosjektet vart leia av førsteamanuensis Øyvind Thomassen ved Norges Handelshøyskole og SNF. Prosjektet resulterte i to akademiske artiklar, ein

policyrapport, ein workshop og to masteroppgåver i samfunnsøkonomi. Prosjektet er no avslutta.

Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF) ble tildelt midlar på totalt 1 000 000 kroner til prosjektet *Digital platforms and product recommendation systems*. Prosjektet var leia av professor Mohammed Mardan ved Norges Handelshøyskole og SNF. Prosjektet resulterte i to akademiske artiklar, ein policyrapport samt ein workshop. Prosjektet er no avslutta.

Samfunns- og næringslivsforskning AS ble tildelt midlar på totalt 970 000 kroner til prosjektet *Strategic barriers to entry and expansion in grocery retailing*. Prosjektet vart leia av førsteamanuensis Morten Sæthre ved Norges Handelshøyskole. Prosjektet resulterte i ein akademisk artikkel og ei masteroppgåve. Prosjektet er no avslutta.

Samfunns- og næringslivsforskning AS ble tildelt midlar på totalt 1 173 802 kroner til prosjektet *Cartel policy in the Nordic countries*. Prosjektet vart leia av professor Lars Sørgard ved Norges Handelshøyskole. Prosjektet resulterte i to akademiske artiklar og ei masteroppgåve. Prosjektet er no avslutta.

Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF) ble tildelt midlar på totalt 700 000 kroner til prosjektet *Exclusive vs. Non-Exclusive Media Content: Competition and Channel Coordination among Digital Platforms and Content Providers*. Prosjektet vart leia av professor Malin Arve ved Norges Handelshøyskole og SNF. Prosjektet resulterte i ein forskingsartikkel. Prosjektet er no avslutta.